



VF-rapport nr. 5-2026

Naturpolitisk dokument for Kinn kommune

Frå målkonflikt til praksis – natur og grønn næringsutvikling i kommunal planlegging

Torbjørn Selseng, Eivind Brendehaug og Bror Kristian Raanaas Tandberg

VESTLANDSFORSKING

VF-rapport	5-2026
Utgitt av	Vestlandsforskning
Adresse	Postboks 163, 6851 Sogndal
Prosjekttittel	Naturpolitisk dokument for Kinn kommune
Oppdragsgivar	Kinn kommune
På framsida	Westcon Yard flyfoto3
Foto	Svein Egil Økland – Westcon
ISBN	978-82-428-0496-9

Creative Commons Namngiving 4.0 Internasjonal lisens
Vestlandsforskning 2026: CC BY-NC 4.0

www.vestforsk.no

Innhald

Forord - Kvifor eit naturpolitisk dokument?	4
Samandrag	5
English Summary	6
1. Innleiing	7
1.1. Natur- og klimakrisa i eit arealperspektiv.....	7
1.2. Kvifor er naturen viktig? Eigenverdi og nytteverdi.....	8
1.3. Drivarar av naturtap	9
1.4. Klima- og naturmål i konflikt	12
1.5. Kommunane i spagat	13
2. Rammer og føringar: internasjonalt, europeisk og nasjonalt	14
2.1. Internasjonale rammer: Naturavtalen (Kunming–Montreal)	14
2.2. Europeiske rammer (EØS-relevante)	15
2.3. Nasjonale rammer og føringar	15
3. Prinsipiell og praktisk naturpolitikk i Kinn kommune	18
3.1. Naturkampen som indikasjon på naturpolitikken	18
3.2. Kinn kommune sin vedtekne naturpolitikk	19
4. Natur og naturtilstand i Kinn	24
4.1. Overordna skildring av natur i Kinn	24
4.2. Landbasert naturmangfald i Kinn	26
4.4. Marine naturtypar	31
4.5. Marine arter.....	33
4.6. Naturtilstanden i fjord og kyst.....	33
4.6 Varierende datagrunnlag om natur	35
5. Verktøy og verkemiddel	37
5.1. Areal- og naturrekneskap	37
5.2. Markagrense	39
5.3. Næringsinnretta naturrisikoanalyse	40
5.4. Kvalitet i konsekvensutgreiingar.....	41
6. Medverknad	44
6.1. Kven deltok?	44
6.2. Metode	45
6.3. utfordringar	45
6.4. Verdier	46
6.5. Prinsipp for utvikling i Kinn	47

6.6. Refleksjonar frå medverknadsprosessen	50
7. Drøfting og tilrådingar	52
7.1. Drøfting	52
7.2. Tilrådingar	55
7.3. Konklusjon	56
Referansar	57

Forord - Kvifor eit naturpolitisk dokument?

Kinn kommune står ovanfor krevjande arealval der store naturverdiar og ambisjonar om grøn og framtidsretta næringsutvikling skal balanserast. Dette naturpolitiske dokumentet er meint å vere ei fagleg rettesnor for framtidige arealavgjersler. Det skal bidra til betre samsvar mellom lokal politikk og nasjonale og internasjonale føringar, supplere eksisterande plan- og strategidokument, og gi eit heilskapleg grunnlag for slutføring og praktisering av kommuneplanens arealdel.

Kinn kommune gav Vestlandsforskning i oppdrag å utforme dokumentet som ein del av arbeidet med å ferdigstille kommuneplanens arealdel, og som eit supplement til det næringspolitiske dokumentet frå 2025. Som del av oppdraget har Vestlandsforskning gjennomført ein medverknadsprosess med innbyggjarar i kommunen, både for å hente inn kunnskap og perspektiv, og for å forankre arbeidet breitt lokalt.

Rapporten tek først for seg overordna utfordringar i klima- og naturpolitikken, før desse blir forankra i internasjonale, europeiske og nasjonale rammer. Vidare blir status for naturen og naturpolitikken i Kinn kommune gjennomgått, før rapporten drøftar aktuelle verktøy og verkemiddel for å styrkje den praktiske gjennomføringa av vedteken politikk. Avslutningsvis blir funn frå medverknadsprosessen presenterte og sett i samanheng med kommunen sine politiske ambisjonar.

Vi håpar dokumentet vil vere til nytte i det vidare arbeidet med å utvikle ein meir robust, kunnskapsbasert og gjennomførbar naturpolitikk i Kinn kommune.

Sogndal, 12.04.2026

Torbjørn Selseng

Forskar, Vestlandsforskning

Samandrag

Dette naturpolitiske dokumentet gir ei samla og kunnskapsbasert framstilling av utfordringar, rammer og moglegheiter for naturpolitikken i Kinn kommune. Utgangspunktet er ei erkjenning av at arealbruk er den viktigaste drivaren for naturtap, samstundes som kommunane er sett til å vere hovudarena for både grøn omstilling, næringsutvikling og vern av natur. Dokumentet drøftar korleis Kinn kan navigere i eit landskap prega av skjerpa nasjonale og internasjonale føringar, aukande arealpress og motstridande forventingar.

Rapporten viser at Kinn kommune, gjennom ny samfunnsdel, arealstrategi og temaplan for klima, berekraft og naturmangfald, har lagt eit meir ambisiøst og prinsipielt grunnlag for naturpolitikken enn tidlegare. Samstundes peikar både analysar av naturtilstand, vurderingar av datagrunnlag og erfaringar frå medverknadsprosessen på at gjennomføringa av denne politikken vil vere krevjande utan styrking av verktøy, prosessar og betre samanheng mellom plan, gjennomføring og enkeltsaker.

Dokumentet identifiserer særleg fire forhold som avgjerande:

1. behovet for betre og meir heilskapleg kunnskap om natur og naturpåverknad
2. manglar ved kvaliteten og bruken av konsekvensutgreiingar
3. behov for operative verkemiddel som areal- og naturrekneskap og naturrisikoanalyse
4. eit tydeleg ønskje blant innbyggjarane om meir openheit, tidleg involvering og langsiktig tenking i arealsaker.

På denne bakgrunnen tilrår rapporten at Kinn kommune går frå ambisjonar til systematisk praksis, mellom anna ved å konkretisere prosesskrav i planverket, utvikle kommunalt naturrekneskap, skjerpe krav til beslutningsgrunnlag i plansaker, og styrke dialogen med både innbyggjarar og næringsliv. Slik kan kommunen i større grad sikre at naturpolitikken som er vedteken på papir, også får reell betydning i arealforvaltninga.

English Summary

This nature policy document provides a comprehensive and knowledge-based presentation of the challenges, frameworks, and opportunities for nature policy in Kinn municipality. It is based on the recognition that land use change is the most important driver of nature loss, while municipalities are increasingly expected to function as the primary arena for green transition, economic development, and the conservation of nature. The document discusses how Kinn can navigate a landscape shaped by increasingly stringent national and international frameworks, growing pressure on land resources, and competing expectations.

The report shows that Kinn municipality, through its revised social development plan, land-use strategy, and thematic plan for climate, sustainability, and biodiversity, has established a more ambitious and principled foundation for nature policy than in the past. At the same time, analyses of ecological condition, assessments of available data, and experiences from the public participation process indicate that implementation of this policy will be demanding without strengthened tools, processes, and better alignment between planning, execution, and case-by-case decision-making.

The document identifies four factors as particularly decisive:

1. the need for improved and more comprehensive knowledge of nature and human impacts on ecosystems
2. shortcomings in the quality and use of environmental impact assessments
3. the need for operational tools such as land-use and nature accounts, as well as nature-related risk analysis
4. a clear demand among residents for greater transparency, earlier involvement, and long-term perspectives in land-use planning

Based on these findings, the report recommends that Kinn municipality move from ambition to systematic practice. This includes clarifying procedural requirements in the planning framework, developing a municipal nature account, strengthening requirements for decision-making documentation in planning processes, and improving dialogue with both residents and the business community. In this way, the municipality can better ensure that nature policy adopted in principle is translated into tangible and effective land-use governance in practice.

1. Innleiing

Denne rapporten er bygd opp for å gi eit heilskapleg bilete av naturpolitikken i Kinn kommune – frå dei store, overordna utfordringane til konkrete val i lokal arealforvaltning. Kapittel 1 set rammene ved å skildre natur- og klimakrisa i eit arealperspektiv og kvifor kommunane står i ei særleg krevjande rolle. Kapittel 2 gjer greie for internasjonale, europeiske og nasjonale føringar som legg føringar for kommunal praksis.

Kapittel 3 og 4 ser nærare på korleis desse rammene møter den faktiske naturpolitikken og naturtilstanden i Kinn kommune. Kapittel 5 drøftar verktøy og verkemiddel som kan styrke gjennomføringa av vedteken politikk, medan kapittel 6 presenterer funn frå medverknadsprosessen med innbyggjarar. Avslutningsvis samanfattar og drøftar kapittel 7 dei viktigaste funna, og kjem med tilrådingar for vidare arbeid.

1.1. Natur- og klimakrisa i eit arealperspektiv

Verda står i dag i ei dobbel krise – klima og natur – som er tett samanvovne og drivne fram av dei same prosessane. Globalt er endringar i arealbruk, som nedbygging, fragmentering og forringing av natur, den sterkaste drivaren av naturtap (IPBES, 2019). Når natur blir bygd ned, mistar artar leveområda sine, og samfunnet mister økosystem som reinsar vatn, dempar flaum og ekstremvær og gjev grunnleggjande tryggleik. I tillegg er øydelegging av karbonrike økosystem ein sentral drivar bak klimaendringar og utslepp frå fossil energi til meir press på naturen (IPCC, 2022). For å løyse begge desse krisene i lag må ein klare å redusere klimagassutslepp og redusere presset på natur samstundes (Richardson et al., 2023).

Situasjonen for naturmangfaldet er alvorleg. IPBES vurderer at om lag 25 prosent av verdas kjende plante- og dyreartar er truga, og at så mykje som éin million artar kan vere i fare for å forsvinne dei neste tiåra (IPBES, 2019). Utryddingsraten er i dag mellom ti og hundre gonger høgare enn gjennomsnittet for dei siste 10 millionar år. Dette globale biletet er også relevant for Noreg.

I Noreg har ei seigilva førestilling vore at vi har «så mykje natur» at inngrep ikkje utgjer stor risiko. Tal frå Miljødirektoratet viser likevel at inngrepsfri natur har krympa betydeleg: I perioden 2018–2022 vart om lag 830 km² borte (≈ 116 500 fotballbaner), medan dei siste 35 åra viser ein reduksjon på 10 240 km² – eit område større enn Rogaland fylke (Miljødirektoratet, 2024a). I

gjeldande kommunale arealplanar er det sett av ytterlegare 2 000 km² til framtidig utbygging, der fritidsbustader utgjer ein stor del (Tvedt mfl., 2025). Desse tala viser berre direkte nedbygging. Det samla arealet som blir påverka av inngrep er fleire gonger større (NOU 2024:2).

Per innbyggjar er Noreg verst i Europa på nedbygging av natur og matjord per innbygger, ifølgje ei større undersøking gjort av NINA i samarbeid med NRK og europeiske mediehus (Støstad, 2025). Over heile landet dokumenterer kartgrunnlag og kommunale oversikter ein jamn oppstyking av tidlegare samanhengande naturområde. Konsekvensane er synlege i statusen for norske artar: Éin av fem artar står på raudlista, og tre fjerdedelar av desse har ein negativ utvikling. I kystsona er om lag 5 000 km² tareskog forsvunne (Norderhaug mfl., 2025), eit område større enn Akershus fylke.

Kommunane spelar ei avgjerande rolle i å snu denne utviklinga. Dei fleste avgjersler om arealbruk skjer lokalt, og det er her det avgjerast om natur, matjord, karbonlager og økosystem får stå i fred, skal restaurerast – eller blir bygde ned. Den nasjonale naturmeldinga slår fast at arealbruksendringar er den største drivaren bak naturtap i Noreg, og at arealbruken må haldast innanfor økosystema si toleevne (KLD, 2024).

1.2. Kvifor er naturen viktig? Eigenverdi og nytteverdi

For å forstå dagens natur- og arealpolitiske val er det nyttig å sjå korleis to kunnskapstradisjonar utfyller kvarandre: naturens eigenverdi og naturens nytteverdi.

Naturens eigenverdi

Prinsippet om naturens eigenverdi sprang ut av eit behov for ein forsterka argumentasjon for naturvern, ikkje minst på bakgrunn av kampen om vassdraga på 70-talet. Arne Næss (1973) skilde mellom «grunn» og «djup» økologi, og framheva at naturen har ein ibuande verdi, uavhengig av menneskeleg nytte. Den djupøkologiske plattformen, formulert i 1984 av Arne Næss og George Sessions, utdjuvar prinsippet om eigenverdi i alt naturmangfald, kritiserer den økonomisk veksten og folkeveksten som driv naturtapet, og tek til ordet før eit fokus på livskvalitet i staden for levestandard (Hessen, 2025).

Djupøkologien har påverka norsk naturvernpolitikk i lang tid, og ligg mellom anna bak vern av spesielle, sjeldne og representative artar og naturtypar – uavhengig av nytteverdi, og er nemnt i både i Naturmeldinga (KLD, 2024), i NOU 2024:2 (Klimarisikoutvalet) og i NOU 2023: 25 (Klimautvalet 2050). Verdigrunnlaget for naturpolitikk er rett nok mindre synleg no enn det var for eit tiår sidan (Hessen, 2025).

Naturens nytteverdi

Det andre perspektivet – naturens nytteverdi – sprang ut av behovet for å synleggjere naturen sine tenester for samfunnet på ein måte som var målbar og styringsrelevant. FN la fram sin første økosystemteneste-studie i 2005, som sette omgrepet på dagsorden med fire hovudkategoriar:

1. Forsynande tenester, som trevirke, mat og reint vatn.
2. Regulerande tenester, som karbonlagring og flaumdemping.
3. Kulturelle tenester, som rekreasjon, estetiske verdiar og utdanning/vitskap.
4. Støttande tenester, som varetaking av næringsssyklusar, fotosyntese og jorddanning.


Det er gjort ulike forsøk på å verdsetje dei ulike delane av norsk natur, men bortsett frå ein felles konklusjon om at dei er «enorme», er det ei vanskeleg øving med store feilkjelder (NOU 2013:10; KLD, 2024).

Moderne naturpolitikk treng begge perspektiva: eigenverdien gjev eit etisk fundament for vern og ei legitimering av verdiar, medan nytteverdien gjer naturens betydning meir relevant for forvaltning og næringsliv, og ligg til grunn for naturrekneskap, naturrisikovurderingar og EU/nasjonalt regelverk, og gjev forvaltninga eit språk og ein metodikk for å vurdere konsekvensar og avvegingar i arealpolitikken.

1.3. Drivarar av naturtap

Både FNs naturpanel og FNs klimapanel sler fast at aukande økonomisk aktivitet og ressursbruk historisk sett er den største underliggende drivaren bak både naturendringar og klimaendringar (IPCC 2022, IPBES 2024) Sjølv om den grønne omstillinga dei siste tiåra har hatt som hovudmål å fråkople veksten i økonomien frå arealbruk, materialbruk og klimaendringar, har ein ikkje klart å fråkople veksten i absolutte termar og er det framleis sterk samanheng mellom positiv økonomisk vekst og negativ økologisk påverknad (Ahmed mfl., 2021; Destek & Sinha, 2020). Dersom ressursforbruket globalt var på nivå med Noreg, ville det krevje energi, material og areal tilsvarande to og ei halv jordklode (Global Footprint Network, 2026).

Aukande økonomisk aktivitet materialiserer seg i fem globale drivarar av naturtap (IPBES, 2019): (1) arealbruksendringar, (2) direkte hausting, (3) klimaendringar, (4) forureining og (5) framande artar. Korleis dei påverkar ulike typar økosystem er vist i Figur 1, der den vertikale aksen viser kor mykje dei ulike påverknadsfaktorane bidreg til reduksjon i tilstanden til økosystema. Desse påverknadsfaktorane verkar ofte samtidig og forsterkar kvarandre (IPBES, 2019; UNEP, 2023).



Figur 1. Korleis ulike påverknadsfaktorar har bidrege til reduksjon i naturindeksverdi (tilstanden til økosystema). Henta frå Naturindeks (Nater & Eriksen, 2025).

Endringar i arealbruk

Arealbruksendringar er den sterkaste drivaren bak naturtap både globalt (IPBES, 2019) og i Noreg (KLD, 2024). I norsk samanheng kjem presset særleg frå hytte- og fritidsutbygging, næring, energiproduksjon og endringar av praksisar i landbruket. Endringar i arealbruk er hovudpåverknaden på fem av dei sju økosystema vist i Figur 1. Unntaka er kystvatn og hav.

Ifølgje naturrisikoutvalet (NOU 2024:2) er 89 prosent av dei truga artane og over 80 prosent av dei truga naturtypene negativt påverka av arealendringar som følgje av menneskeleg aktivitet.

Direkte hausting av artar

Direkte hausting er globalt den nest sterkaste drivaren av naturtap (IPBES, 2019). I Noreg er påverknaden særleg knytt til endring i havøkosystem, med mekanismar som overfiske, bifangst og botntråling (KLD, 2024). I Nordsjøen og Skagerak er økosystema betydeleg påverka av menneskelege aktivitetar, og tilstanden er ikkje god (KLD, 2024). I kystvatn er har kystfiske av topp-predatorar som kysttorsk og steinbit truleg ført til at kråkeballar har fått beite ned store område med tareskog, men dette fenomenet er mindre på Vestlandet (Norderhaug mfl., 2025).

Klimaendringar

IPCC (2022) dokumenterer at klimaendringar allereie har påverka økosystem globalt, med artstap, endra artssamansetnad og svekka økosystemtenester. For norske kystøkosystem er særleg marine varmebølgjer, havforsuring og endra straummønster sentrale drivkrefter bak dei pågåande endringane. Havforskningsinstituttet (2023) si oversiktsvurdering viser at

Nordsjøen/Skagerrak er blant dei norske havområda som er sterkast påverka av klimaendringar, både gjennom forsuring og høgare sjøtemperaturar.

Auka temperatur i havet fører til forskyving av artar nordover eller djupare i vassøyla, samstundes som fleire framande artar får betre vilkår. Havforsuring, driven av høgare CO₂-opptak, svekker organismar som bygg kalkstrukturar som skjel og korallar. I tillegg bidreg større snø- og issmelting og meir intens nedbør til det som blir omtalt som «kystformørking»: auka tilførsle av partiklar, næringsstoff og organisk materiale reduserer lysinntrenginga i sjøen, noko som påverkar lysavhengig botnvegetasjon som ålegras, tang og tare (Nater & Eriksen, 2025).

Forureining

I kystvatn er forureining den nest største kjelda til at tilstanden i økosystema er redusert jamt sidan 2010 (Nater & Eriksen, 2025). Forureining omfattar tilførsler av nærings salt frå jordbruk, avløp og havbruk, samt plast, miljøgifter, industriutslipp og kjemikalier knytt til akvakultur. Langs kysten gir meir og kraftigare nedbør auka avrenning frå jordsmonn og berggrunn, noko som igjen aukar transporten av nærings salt og partiklar til sjø. Dei viktigaste kjeldene til utslipp av nærings salt i kystvatn i mesteparten av landet er akvakultur, med ei markant auke dei siste 20 åra (Nater & Eriksen, 2025). Oppdrett påverkar kystområda gjennom utslipp av nærings salt, organisk materiale, legemiddel og avlusingsmiddel, kopar og bruk av villfanga leppefisk, noko som kan ha verknad på økosystema rundt anlegga (KLD, 2024).

Havforskningsinstituttet vurderer at produksjonsområde sone 4 – som Kinn er del av – er blant dei mest biologisk risikoutsette. Området er prega av høgt lusepress på villfisk, forringing av botnforhold, stor kjemikaliebelastning og opphoping av organisk avfall, med særleg negative effektar i terskelfjordar (Havforskningsinstituttet, 2026b).

Akvakultur på land er ein relativt ny sektor som forsøker å adressere fleire av dei negative konsekvensane av marin akvakultur. Dei langsiktige effektane er enno ikkje fullt ut kjende, men ein større tilsynsaksjon gjennomført for Miljødirektoratet viser at utslippskontrollen ved landbaserte anlegg er svak: ni av ti anlegg hadde brot på regelverket, og 13 prosent av brota blei vurdert som alvorlege (Miljødirektoratet, 2025a). I tillegg krev slike anlegg ein betydeleg areal-, ressurs- og energibruk som må sjåast i samanheng med konsekvensar for natur og klima.

Framande artar

Framande artar er medverkande i om lag 40 prosent av dokumenterte dyreutryddingar globalt, og risikoen aukar med klimaendringar og handel (UNEP, 2023). Framande artar er noko av det som har størst negativ effekt på økosystemtypen ope lågland, som inneheld dei semi-naturlege

naturtypene kystlynghei, semi-naturleg strandeng og semi-naturleg eng (Nater & Eriksen, 2025). Effekten blir ofte forsterka av temperaturauke (KLD, 2024).

Artsdatabanken har, dei siste åra, svartelista 1997 arter som er vurdert å ha ein risiko for naturen i Noreg. Risikoen har auka vesentleg sidan 2018 (Artsdatabanken, 2023).

1.4. Klima- og naturmål i konflikt

Klima- og naturkrise er tett samanheng, og må sjåast i samanheng. IPCC viser at store delar av dei globale klimamåla ikkje kan nåast utan ei vesentleg reduksjon i arealpresset og betre vern av naturen, sidan økosystem både lagrar karbon og dempar klimaeffektar som flaum, erosjon og varmebølger. I norsk samanheng peikar Klima- og miljødepartementet på at arealbruksendringar er ein hovuddrivare bak naturtapet (KLD, 2024).

Trass i at naturvern i dei fleste tilfelle er eit av dei mest effektive tiltaka både for utsleppsreduksjon, klimatilpassing og bevaring av naturmangfald, er norsk politikk prega av målkonfliktar snarare enn synergjar. Noreg har forplikta seg til å stanse naturtap, restaurere økosystem og kutte klimagassutslepp. Samstundes har staten valt ein strategi der utsleppskutt primært skal drivast fram gjennom grøn industrialisering: havvind, hydrogen, ammoniakk, batteriproduksjon og datasenter krev store areal og aukar energibehovet – som igjen genererer nytt arealpress.

Forskning på norske styringsdokument viser at denne utviklingsretninga ikkje er tilstrekkeleg samordna med naturmangfald- og klimatilpassingsomsyn. Analysar av statlege dokument peikar på at dei «grøne» tiltaka ofte blir vurderte isolert innanfor sektorar, medan dei negative verknadane for natur og klimatilpassing i liten grad blir adressert (Brendehaug, Groven & Selseng, 2022; 2026).

I enkelte tilfelle har statlege verkemiddel, som tilskot og lån via Enova og andre ordningar, bidrege til at prosjekt med svak samfunnsnytte og store negative naturkonsekvensar likevel har blitt gjennomførte. Fleire store industrisatsingar – til dømes batterifabrikkane Morrow Batteries i Arendal og Freyr i Mo i Rana – har reist spørsmål ved forholdet mellom kostnader, arealinngrep og lokal verdiskaping (Hovland, 2024). Desse døma viser korleis dagens politikk kan skape sterke insentiv til å prioritere raske klimagassreduksjonar framfor heilskapleg klima- og naturforvaltning. Summen er ein situasjon der kommunane møter press frå fleire kantar: naturpolitikken blir skjerpa, medan staten samstundes stimulerer til ekspansiv grøn industriutvikling.

1.5. Kommunane i spagat

Det er kommunane som står i front når desse sektorvise målkonfliktane materialiserer seg som konkrete arealspørsmål. Grøn omstilling krev plass, men den same arealbruken kan svekke naturmangfald, karbonlager og klimatilpassingsevne. Konflikten mellom naturvern og utbyggingsbehov er anerkjent også av statlege myndigheiter, til dømes i Veikart 2.0 for grønt industriløft (NFD, 2023). Likevel er det enno mangel på praktiske verkemiddel som hjelper kommunane å handtere denne konfliktlinja.

Forsking viser at staten er organisert på ein måte som gjer at kommunane ofte får lite hjelp i slike avvegingar. Sektorforvaltninga er fragmentert, og vurderer sjeldan korleis eigne tiltak påverkar andre sektorar sine mål (Brendehaug mfl., 2021; 2022; 2026). Når statlege styringssignal er uklare eller til og med motstridande, blir kommunane ståande i ein spagat mellom ulike nasjonale omsyn.

I praksis betyr dette at kommunane må balansere naturmangfald, klimatilpassing, industriutvikling, arbeidsplassar, energiproduksjon, arealbruk, lokalt engasjement og nasjonale mål opp mot kvarandre utan at dei nødvendige styringsverktøya, data og retningslinjer alltid er på plass. Dette er openbart ein krevjande øving for kommunane, men i eit slikt kunnskaps- og styringsvakum er det ofte naturen som taper. Det skuldast ikkje mangel på vilje, men mangel på kapasitet, verktøy og tydelege statlege føringar for korleis målkonfliktar faktisk bør avvegast. Resultatet er at kommunane lett blir ståande igjen med eit inntrykk av at dei «gjer feil uansett», fordi dei må forhandle mellom sektorinteresser og politiske krav som ikkje heng godt nok saman.

2. Rammer og føringar: internasjonalt, europeisk og nasjonalt

Det kapittelet gjer greie for dei internasjonale, europeiske og norske rammene for politikk og forvaltning av naturmangfald og arealbruk. Dei norske rammene er det som legg føringar for norske kommunar i dag, medan dei internasjonale og europeiske regelverka og strategiane gir eit konkret frampeik til kva norske myndigheiter kan kome til å vektlegge i framtidige retningslinjer og regelverk.

I tillegg til kjeldene som er nemnt her, legg òg EU, internasjonale, og norske klimaforpliktingar innflytelse på naturforvaltninga. Dette er allereie omtalt i Menon-rapporten som gir ein analyse av næringslivet og arbeidsmarknaden i Kinn kommune (Basso et al., 2024).

2.1. Internasjonale rammer: Naturavtalen (Kunming–Montreal)

Verdas naturpolitikk er forankra i Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) og Kunming–Montreal Global Biodiversity Framework (GBF) – på norsk kalla Naturavtalen – vedteken på COP15 i desember 2022. GBF set fire langsiktige mål mot 2050 og 23 operative delmål fram til 2030, inkludert 30-prosent vern på land og i hav, samt restaurering av 30% av øydelagde økosystem. Naturavtalen set òg mål om halvering av innførselstakt for framande artar, reduksjon av skadelege subsidiar, samt auka finansiering, rapportering og oppfølging. Alle statar som er part i avtalen skal setje nasjonale mål og delta i ein ny plan-, rapporterings- og gjennomgangssyklus.

I OECD sin evaluering av Norges miljøpolitikk viser organisasjonen til at det er behov for å realisere de ambisiøse målene i konkret politikk:

Norway needs to continue developing a management system for ecosystem types as foreseen in the Biodiversity Action Plan and set aggressive timelines for implementation. It can build momentum for success by regularly assessing ecological status and set specific, measurable, achievable, realistic and time-bound objectives accordingly (OECD, 2022).

2.2. Europeiske rammer (EØS-relevante)

EU sin biodiversitetsstrategi 2030 er ein hovudpilar i European Green Deal og ligg til grunn for EU si tilnærming til vern, restaurering og transformativ endring. Strategien peikar ut konkrete tiltak, frå utviding av verneområdenettet til juridiske krav om restaurering, og knyter natur tett til klima- og resiliensmål.

Forordning (EU) 2024/1991 – **naturrestaureringsforordninga** – trådte i kraft 18. august 2024. Ho set bindande tids- og mengdemål: minst 20 % av EU sitt land- og sjøareal under restaurering innan 2030, og alle økosystem i behov innan 2050. Forordninga har etappevise krav for habitat i dårleg tilstand, urbane økosystem, pollinatorar, våtmark, jordbruks- og skogøkosystem, samt elvekontinuitet. Sjølv om Noreg ikkje er EU-medlem, er regelverket EØS-relevant og styrande for praksis, metodikk og forventningar i europeiske marknader som norske aktørar verkar i.

EU-taksonomien er EU sitt **klassifikasjonssystem for berekraftige økonomiske aktivitetar**. Han definerer tekniske screening-kriterium og «do no significant harm»-krav for seks miljømål, inkludert «vern og restaurering av biodiversitet og økosystem». Taksonomien påverkar kapitaltilgang, prosjektvurderingar og rapportering, og skjerpar krava til areal- og naturomsyn i prosjekt som ønskjer grøn finansiering. For kommunale utbyggingar og partnerskap vil taksonomi-kompatible løysingar (fortetting/transformasjon, naturpositiv plan, blå-grøn infrastruktur, restaurering) vere ein klar fordel ved mobilisering av kapital og risikohandtering.

2.3. Nasjonale rammer og føringar

Plan- og bygningslova (pbl.) er hovudlova for arealplanlegging i Noreg. Ho slår fast kommunane si rolle som primær arealmyndigheit, krav til heilskapleg planlegging, konsekvensutgreiingar og medverknad. pbl. § 1-1 pålegg kommunane å fremje berekraftig utvikling, og pbl. §§ 4-1 og 4-2 regulerer planprogram og konsekvensutgreiingar. Lova er det sentrale verktøyet for å integrere natur-, klima- og samfunnsomsyn i arealvedtak.

I pbl. § 11-5 heiter det at arealdelen av kommuneplanen skal angi hovudtrekka i arealbruken og rammer og vilkår for kva for nye tiltak og ny arealbruk som kan realiserast, og kva omsyn som skal takast i vare ved bruken av areal. I rettleiar til kommuneplanarbeidet etter plan- og bygningslova skriv departementet (T-1493):

Utredning av alternativar bør stå sentralt i kommuneplanens arealdel. Med «alternativar» menes her både alternative løysingar for overordna utbyggingsmønster og alternative konkrete utbyggingsforslag (...)

Intensjonen i pbl. er m.a. at overordna plan bør vurdere om alternative lokaliseringar av tiltak gir mindre negative konsekvensar for samfunnet. Private utbyggingsinitiativ er sjeldan interesserte i å føreta slike alternative vurderingar av lokalisering. Difor er det viktig at kommunen gjer uavhengige vurderingar av kva for arealføremål ulike areala bør ha.

Kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel legg rammer for planlegging på lågare nivå. Planforslag på lågare nivå må som hovudregel innhaldsmessig følge opp hovudtrekk og rammer gitt i overordna plan (Minde, 2022). Det er likevel ikkje eit absolutt krav om samsvar. Lova gir kommunane høve til fråvike dette prinsippet, men forarbeida til lova gir eit relativt strengt krav til samsvar mellom plannivåa. Kva som er eit tilstrekkeleg samsvar mellom plannivåa er opp til kommunen sin planfaglege administrasjon å vurdere. Dei kan stoppe private planinitiativ eller unnlate å fremme private reguleringsforslag dersom forslagene ikkje er i samsvar med overordna arealplanar (Minde, 2022).

Naturmangfaldlova (nml.) er grunnlova for naturforvaltning i Noreg. Ho inneheld dei seks prinsippa i kapittel II (§§ 8–12), som alltid skal leggjast til grunn i offentlege avgjerder med verknad på natur. Lova krev vurdering av samla belastning og bruk av beste tilgjengelege kunnskap, og forankrar føre-var-prinsippet som ein retningslinje for offentleg planlegging og annan beslutningstaking (§9). Prinsippa er juridisk bindande og skal vere dokumenterte i plansaker etter pbl.

Riksrevisjonen (2007) har peikt på at arealforvaltninga i Norge ikkje er i samsvar med Stortinget sine mål og prinsipp for å sikre ei berekraftig utvikling, Mellom anna ved at nedbygginga av natur gir uønskt konsekvensar for viktige verdiar som friluftsliv, kulturminne og naturmiljø, produktive jordressursar og det biologiske mangfaldet. Også ei evaluering av arealplanlegginga etter pbl. viste at lova bidreg til at natur taper framfor utbygging – og næringsomsyn fordi natur har svakt rettsvern (Hanssen, 2018). Lova sikrar ikkje omsynet til klima og naturmangfald tilstrekkeleg i lokale planprosessar, ei heller sumverknadar av arealendringane for klimagassutslepp, kulturverdiar og naturmangfald.

Naturmeldinga (Meld. St. 35, 2023–2024) etablerer nasjonal oppfølging av naturavtalen og slår fast at arealendringar er den største påverknadsfaktoren, også i Noreg. Ho varslar styrking av naturrekneskap, betre samspel mellom vern, berekraftig bruk og restaurering, og tettare kopling til plan- og bygningslova. Prinsippet om å halde bruken av natur innanfor økosystema si toleevne skal reflekterast i kommunal planlegging. Det er verdt å merke seg at den norske handlingsplanen ikkje implementerer måla i den internasjonale Naturavtalen (30-30-30), sjølv om Noreg har skrivne under. Den norske handlingsplanen annonserer at norske konkretiseringar vil kome for kvart av dei 23 måla i Naturavtalen.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2023–2027) presiserer fem hovudspor for planlegginga, mellom anna «Klima, natur og miljø for framtida», og krev at fylkeskommunar og kommunar følgjer opp Parisavtalen og Naturavtalen i planstrategiar og planar. Dokumentet skal leggjast til grunn i alle planprosessar og av statlege styresmakter si medverknad.

Statlege planretningsliner for klima og energi (KDD, 2024) erstattar tidlegare retningsliner og skjerpar krav om utsleppsreduksjon, energibruk, karbonopptak/-lagring og klimatilpassing i all planlegging. Han tydeleggjer samanhengen mellom klima og natur, skjermar karbonrike areal (myr/skog), og krev systematikk i kunnskapsgrunnlaget. Ei viktig retningslinje er at naturbaserte løysingar bør vurderast (KDD, 2024). Naturbaserte løysingar er tiltak for å motverke ekstremvêr, redusere utslepp eller restaurere natur som støtter seg på, kopierer eller er inspirert av naturen sine prosesser (NOU 2023:25).

Statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet (KDD, 2025) samlar føringar for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Retningslina innfører geografisk differensiering (store byregionar vs. distriktsområde), prioriterer fortetting/transformasjon, skjerpar jordvern og stiller tydelegare krav til avgjerdsgrunnlag og utgreiingar.

Rundskriv T-2/16 (KLD, 2025) klargjer kva som er nasjonale eller vesentlege regionale klima- og miljøinteresser som kan grunnge motsegn i plansaker (naturmangfald, klima/klimatilpassing, vassmiljø, strandsone, våtmark, friluftsliv m.m.). Kravet til kunnskapsgrunnlag og tidleg involvering er skjerpa. For kommunane betyr dette meir føreseielegheit, men òg lågare terskel for motsegn når viktige interesser ikkje er tilstrekkeleg ivaretekne eller dokumenterte. Regjeringa løftar sjølv fram revideringa av denne i si rapportering til FN i Naturavtalen som eit hovudverkemiddel for å styrke naturpolitikken i kommunane (KLD, 2026).

3. Prinsipiell og praktisk naturpolitikk i Kinn kommune

Naturpolitikken i ein kommune er summen av alle prinsipp, planar, verkemiddel og avgjersler i kommunen som har ein effekt på naturen i kommunen. Kommuneplanens samfunnsdel, arealstrategi, og arealplan er det som gir tydelegast uttrykk for korleis kommunen sjølv ønskjer at naturpolitikken skal vere.

Samstundes kan summen av enkeltvedtak fortelje ein annan historie. Mindre reguleringsplanar, dispensasjonar, manglande eller svake kartleggingar, konsekvensutgreiingar og vektingar av naturverdiar i enkeltsaker kan gi ein stor samla negativ effekt, sjølv om ein har vedteke gode prinsipp og har gode planar i utgangspunktet. Det er nemleg ikkje alltid samsvar mellom samfunnsplanlegginga, arealplanlegginga og *plangjennomføringa* i ein kommune (Tvedt, 2017).

Det er ofte dei sentrale kommunane som er best både på den prinsipielle og den praktiske naturpolitikken (Simensen m.fl., 2025). Samstundes ser ein at streng naturpolitikk i nokre kommunar kan føre til at omlandet «importerer» nedbygginga av natur, då utbyggingsprosjekt ikkje forsvinn eller endrar fotavtrykk, men i staden byter kommune. Det kan difor vere eit poeng å samarbeide regionalt om naturpolitikk.

3.1. Naturkampen som indikasjon på naturpolitikken

Miljøorganisasjonen Sabima rangerer naturpolitikken og -tilstanden i alle norske kommunar i ei jamleg kåring kalla Naturkampen (Sabima, 2025). Basert på analysar gjort av leiande forskingsmiljø, registerdata frå KOSTRA og ei eiga spørjeundersøking, blir kommunane målt på 25 ulike indikatorar som seier noko om naturpolitikken.

I 2025 vart Kinn rangert som nummer 327 av 357 kommunar. Det var eit kraftig fall frå førre rangering i 2023, som gav Kinn kommune 87. plass. Ein grunn til at Kinn kommune kanskje kjem dårleg ut i 2025 er knytt til rangeringssystemet. Naturkampen plasserer dei som ikkje rapporterer enten i KOSTRA (t.d. Nydyrking av myr, Dispensasjonar i strandsonen) eller i spørjeundersøking til Sabima, automatisk på delt sisteplass med alle andre som ikkje har rapportert.

Ein annan potensiell grunn til den svake plasseringa er at eldre planar er brukt i analysen. Dei omfattande analysane gjort av Norkart om planlagt nedbygd natur (Olsson m.fl, 2025), som utgjer

7 av dei 25 indikatorane, tek utgangspunkt i vedtekne arealplanar. Kommuneplanens arealdel, som er under arbeid, er dermed ikkje er med i analysen. På den andre sida er Kinn kommune større i areal enn dei fleste norske kommunar og kjem dermed betre ut på dei indikatorane som brukar absolutte verdiar (t.d. km²) i staden for relative verdiar (t.d. km² per innbyggjar eller i prosent av totalt areal), som tapt natur, tapt inngrepsfri natur, og planlagt nedbygd myr, strandsone og inngrepsfri natur.

Om ein tek utgangspunkt i dei indikatorane der det finst data for Kinn, vist i tabell 1, ser ein at Kinn er langt frå best, men òg heller ikkje verst i klassen. På fleire viktige indikatorar, som seier mykje om naturpolitikken bakover i tid, som indikatorane for Tapt natur og Tapt inngrepsfri natur, henta frå høvesvis NINA og Miljødirektoratet, skårar Kinn dårleg. På indikatorar som handlar om naturen som er planlagt nedbygd, med det viktige atterhaldet om at dette er basert på analysar av eldre planar, er Kinn òg stort sett plassert rundt medianen eller i nedre halvdel. Samtidig har Kinn ein vedteken plan for naturmangfald, til liks med 28 andre kommunar, og mykje gjenverande strandsone, som gjer at dei skårar godt på desse indikatorane.

Tabell 1. Resultat for Kinn kommune, henta frå Naturkampen 2025 (Sabima, 2025)

Indikator	Plassering	Indikator	Plassering
Tapt natur 2017- 2024	224/357	Inngrepsfri natur planlagt nedbygd	318/357
Tapt inngrepsfri natur 2018-2023	340/357	Kommundelplan for naturmangfold	1/357
Naturareal satt av til hytter	207/357	Alder på kommuneplanens arealdel	176/357
Naturareal satt av til bolig	106/357	Søkt tilskudd for å ta vare på natur	176/357
Naturareal satt av til næringslivsformål	236/357	Gjenverande strandsone	30/225
Myr planlagt nedbygd	142/357	Gjenverande inngrepsfri natur	176/357
Flomsone planlagt nedbygd	80/357	Økologisk tilstand vannforekomster	226/357
Strandsone planlagt nedbygd	222/225	Andel verna natur	188/357

3.2. Kinn kommune sin vedtekne naturpolitikk

Legg ein til grunn Naturkampen som eit mål på den praktiske naturpolitikken i Kinn kommune, er det grunn til å anta at kommunen, i alle fall bakover i tid, har vore blant dei mindre strenge kommunane i landet. Samstundes har Kinn kommune no, i forbindelse med revideringa av

kommuneplanen, vedteke ein ny arealstrategi, og dermed oppdatert det prinsipielle grunnlaget for naturpolitikken.

Samfunnsdelen til kommuneplanen og den tilhøyrande arealstrategien er det mest premissgivande dokumentet for naturpolitikken. I tillegg legg temaplanen for klima, berekraft og naturmangfald òg ein del premissar som er relevante å nemne.

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2025-2037 i Kinn

Samfunnsplanen til Kinn kommune uttrykkjer både eit behov for meir areal til næring og eit ønskje om å ta vare på naturen. På den eine sida, basert mellom anna på næringslivsanalyse frå Menon (Basso mfl., 2024), er knappheit på areal omtalt som ein svakheit og ei barriere for næringsutvikling i kommunen. Kommunen har eit mål om arealnøytralitet, men med unntak for næring. På den andre sida, har kommunen implementert tiltakshierarkiet Unngå-Flytt-Forbetre (NOU 2023:25) og utarbeida prosesskrav til utbyggingar som vil styrke kunnskapsgrunnlaget for å vekke næring og natur.

Samfunnsplanen inneheld ein arealstrategi som oppmodar, sjølv om den i liten grad *tvingar*, kommunen til å vere nøysame i arealbruken og ta vare på naturen. Strategien inneheld fleire formuleringar som kan føre til ein strengare naturpolitikk i framtida, samstundes som nokre av atterhalda i desse formuleringane kan brukast til å prioritere nærings-, fritids- og bustadbehov framfor naturverdiar. I arealstrategien skriv kommunen følgande (unntak vist som «[men]»):

- utbygging av strandsona skal skje mest mogleg konsentrert.

[men] I allereie utbygde område, der forholda tillèt det og konsekvensane ikkje blir negative, kan det vere aktuelt å nytte strandsona til bustad-, fritids- og næringsbygg.

- målet er arealnøytralitet. Vi skal føre eit arealrekneskap, gjenbruke bygg og næringsareal og tilbakeføre ubrukt areal til natur.

[men] Prinsippet om arealnøytralitet kan avvikast for næringsområde der det kan dokumenterast at slik arealbruk sikrar verdiskaping, arbeidsplassar og omstillingsdyktigheit. Vi tek ansvar for naturen gjennom arealnøytralitet så langt som mogleg, og tek m.a vare på matjorda vår.

Dersom ein forstår Kinn sitt mål om arealnøytralitet slik det er definert til dømes i NOU 2023:25, betyr unntaka frå desse reglane at Kinn kommune skal «stogge tap av natur og restaurere like mykje natur som blir bygd ned» (NOU 2023:25), med unntak kun for næringsområde der det kan dokumenterast at slik arealbruk sikrar verdiskaping, arbeidsplassar og omstillingsdyktigheit.

Dersom Kinn kommune etterlever det, betyr det at unntaket i første kulepunkt, òg berre skal gjelde næringsområde, medan all anna nedbygd natur skal kompenserasst.

Vidare legg kommunen tiltakshierarkiet Unngå-Flytt-Forbetre til grunn (NOU 2023:25). Der skriv kommunen at dei

- unngår unødvendige utbyggingar, og utbygging og bruk som forstyrrar naturlege karbonlager til havs.
- gjenbrukar næringsareal, nyttar eksisterande infrastruktur og fortettar i allereie utbygde område.
- legg til rette for bygging med skånsame metodar som tar vare på økosystem og bygger mindre.
- tilbakefører ubrukt areal til natur der det er formålstenleg.

Kommunen har òg pålagt seg sjølv å skaffe oversikt over naturområde som kan restaurerasst, naturmangfaldet og karbonmengda i sjø, utbygde areal som ikkje er i bruk og gjennomfører planvask ved revidering av kommuneplanar. Dette er kunnskap som er naudsynt for å ha mogelegheit til å oppfylle målet om arealnøytralitet.

Noko av det som er mest interessant i arealstrategien, er prosesskrava. I arealstrategien gir kommunen tydeleg uttrykk for at nedbygging av natur kan skje dersom det oppfyller enten kriteriet om «tilstrekkeleg lokal verdiskaping og ringverknader» eller «verdiskaping, arbeidsplassar og omstillingsdyktigheit». Kommunen gir seg sjølve mogelegheit til å fortløpande definere kva desse formuleringa betyr basert på følgjande prosesskrav:

- tidleg innbyggarmedverknad
- naturverdivurderingar
- omstilling til lågutsleppssamfunn
- konsekvensar for arbeidsmarknaden (m.a. tilgang på arbeidskraft og kompetanse, direkte og indirekte arbeidsplassar)
- sirkulære verdikjeder
- lokal verdiskaping
- energivurdering
- finansieringsevne

All den tid dette er skjønnsmessige vurderingar i enkeltsaker, er det uvisst kven av desse krava (og i kva kombinasjon) som vil utløyse nedbygging av natur. Men desse prosesskrava har, i fellesskap, eigenskapar som vil kunne gi eit grunnlag for å vekte naturomsyn og næringsomsyn på ein god måte. Desse eigenskapane er rett nok berre ivaretekne dersom kvaliteten på kvar enkelt

vurdering, og særskilt det som blir omtala som «naturverdivurdering», er høg. Formuleringa som er brukt peikar mot ei vurdering av naturverdiar utover konsekvensutgreiingane i lovkravet, som ikkje alltid tek omsyn til natur på ein tilfredsstillande måte. Me skriv meir om dette i kapittel 5.

Kombinasjonen av dei ulike prosesskrava signaliserer at kommunen ønskjer eit betre grunnlag både for å ta avgjersler kring kva slags næring dei tillet, og kring kva naturnedbygging som er akseptabel. Eksempelvis signaliserer krava om tidleg innbyggarmedverknad og naturverdivurderingar at innbyggerane sine meiningar og verdiar knytt til naturen skal få påverke prosessen tidleg, og at eit omfattande kunnskapsgrunnlag knytt til naturtypane, artsmangfaldet, og økosystemtenestene skal ligge til grunn for avgjersler om nedbygging.

Eit anna eksempel er kravet om vurdering av lokal verdiskaping og finansieringsevne, sett i samanheng med punkta om «sirkulære verdikjeder» og «omstilling til lågutsleppssamfunnet», som kan gi eit grunnlag for å styre unna mindre solide industriprosjekt (jamfør nokre batterifabrikk-eksempel dei siste åra), samtidig som det signaliserer at næringar som bidreg til å redusere klimagassutslepp er prioriterte. Fleire av dei grønne industriprosjekta i Kinn kommune har som mål å skape sirkulære verdikjeder ved å gjenbruke restprodukt eller restvarme frå ei næring til ei anna. Det er openbart meir sirkulært å gjenbruke restprodukt enn ikkje å gjere dette, men for å kunne kalle dette berekraftig må prosjektet (1) avgrense uttak av nye ressursar, (2) syte for at ein ikkje flytter miljøproblem i tid og rom, og (3) at ein tek omsyn til sosiale verknader som lokale verdiskaping og arbeidsplassar (Walnum et. al 2026). Eit døme på dette er moglegheita til å nytte fiskeslam frå oppdrett som ein ressurs i andre næringar, slik eit pågåande prosjekt undersøker (Hub for Ocean, 2026). Tematikken er vidare omtalt under kapittel 4, Naturtilstanden i Kinn.

Temaplan for klima, berekraft og naturmangfald. Kinn kommune 2021-2032

I tillegg til samfunnsplanen, legg òg den gjeldande temaplanen for klima, berekraft og naturmangfald premisar for naturpolitikken. Visjonen i planen er ikkje nemnd i samfunnsplanen. Den lyder slik:

I 2030 har Kinn kommune stoppa tap av naturmangfald og blitt ein nullutsleppskommune. Alle i kommunen samarbeider for å få dette til.

Sidan vegen dit er lite konkretisert i delmåla i temaplanen, er det truleg meint som ein lite bindande visjon. Nokre av dei konkrete delmåla i planen er likevel verde å nemne her og kva føringar det legg for naturpolitikken:

- Vi har robuste levekår for stadeigne artar og vi sikrar naturmangfaldet.

- Inneber at kommunen skaffar og held detaljert oversyn over naturmangfaldet, og samspelet mellom det, i kommunen, slik at alle naturinngrep kan vurderast i eit relativt perspektiv.
- Alle vassførekomstar har god eller svært god kjemisk og økologisk tilstand.
 - Inneber at ein legg føringar for korleis ulike næringar får operere, kanskje særskilt knytt til reinsekrav i akvakultur.
- Kinn har styrka evne til å tole klimaendringar fram mot 2030 og utviklar kommunen slik at vi er rigga for dei endringane som er venta fram mot 2100.
 - Inneber at ein skaffar og held oversyn over kva naturtypar rundt busetnader og infrastruktur som bidreg til å dempe naturfarehendingar som er forventa å auke. Døme på det er ålegras for stormfloddemping, myr for flaumdemping og tørke, og skog for ulike typar skred og mikroklima som førebygg hetebølger.
- Kinn kommune skal eliminere direkteutslepp frå drift av kommuneorganisasjonen. Indirekte utslepp skal reduserast så mykje som mogleg, og resterande utslepp skal kompensast for.
- Inneber at kommunen skaffar og held oversyn over karbonlagre i kommunen, for å kunne vurdere påverknaden av kvart enkelt inngrep. Dette er ivareteke gjennom NTNU-kartlegginga frå 2021 (Øien mfl., 2021), og målet i samfunnsplanen om å skaffe tilsvarande oversyn i sjø.

4. Natur og naturtilstand i Kinn

I dette kapittelet gir vi ein kort omtale av naturtypar og arter i Kinn kommune på grunnlag av kartleggingar og registreringar samla i den nasjonale karttenesta Naturbase¹. Denne tenesta gjer tilgjengeleg eksisterande data om areal og natur frå fleire ulike kjelder. Det mest brukte kjelda for data om natur i kommunane er arealressursdatasettet «AR5»². Dette er data som viser hovudtypar av arealressursar med vekt på skog- og jordressursane, mens areal over tregrensa ikkje er inkludert. Vi gir også informasjon om kor verdifull artar og naturtypar er og tilstanden til natur ved å vise kor truga arten eller naturtypen er i Norge. Naturbase, inkludert AR 5 gir ikkje ein fullstendig oversikt over all natur i Kinn, fordi berre delar av naturen er kartlagd. Avslutningsvis gjer vi også greie for svakheitene ved datagrunnlaget om natur.

4.1. Overordna skildring av natur i Kinn

Kinn kommune har eit landareal på 811 km². Ein stor del er skogkledd (39%). Det meste av skogarealet er lågproduktiv kystfuruskog, hovudsakleg røsslyng-blokkebærskog. Myr dekkjer om lag 2,7 % av arealet. I tillegg kjem skogkledd myr og myr som er drenert og dyrka opp, eller brukt til skogreising, totalt om lag 28 km² (3,5 %). Flatmyr, bakkemyr og planmyr er dei vanlegaste myrtypane, medan nedbørmyr og fattig jordvassmyr er dei vanlegaste vegetasjonstypene. Om lag 14,5 km² (1,8 %) av landarealet er jordbruksmark, av dette er 4,1 km² (0,5 %) overflatedyrka (Øien, 2021).

¹ <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturbase/>

² <https://www.nibio.no/tema/jord/arealressurser/arealressurskart-ar5>

Tabell 2. Naturtypar som andel av kommunens areal


Naturtypar, landareal	Areal, km ²	Andel av kommunen
Skog	317	39%
Myr	22	2,7%
Skogkledd myr, inkl. drenert bruk i jord- og skogbruk	28	3,5%
Jordbruk (overflatedyrka)	14,5 (4,1)	1,8 (0,5)%
Semi-naturleg mark (kystlynghei)	Manglar data	
Naturleg opne område under skoggrensa	Manglar data	

Det finst ikkje arealoppgåver over semi-naturleg mark i kommunen, men naturtypen utgjer truleg fleire titals km², og kystlynghei utgjer det største arealet. Naturleg opne område under skoggrensa (altså areal som ikkje er jordbruksmark, skog, myr eller semi-naturleg mark) utgjer noko meir, men heller ikkje her finst det gode tal (Øien, 2021).


Vitenskapsmuseet på NTNU har estimert karbon i natur i Kinn kommune, både ved hjelp av eksisterande forskning og eige undersøkingar. I tabellen under er estimat frå denne rapporten gjengitt, og i figurene under er dei største myrområda kartfesta (Øien, 2021).

Tabell 3. Karboninnhald i naturtypar i Kinn (Øien, et al. 2021).

Naturtype	Karbonmengd kg/m ²
Skog (80% under bakken)	12-47,5
Myr (1 m djupne)	35-250
Myr (djupare enn 1m)	90-140
Kystlynghei	6-20
Skrinn furuskog og semi naturleg mark	6-7



Figur 2. Potensiell karbonmengd for ulike arealtypar, sørleg del. Kjelde: Øien mfl. 2021.




Figur 3. Potensiell karbonmengd for ulike arealtypar, nordleg del av Kinn. Kjelde: Øien

4.2. Landbasert naturmangfald i Kinn

Miljødirektoratet grupperer arter og naturtypar ut i frå forvaltningsformål, altså kva type tiltak ein har sett i verk for å prøve å unngå tap (eller utrydde framande arter), og kor viktig ivaretaking (eller utrydding av framande arter) av arten eller naturtypen er. Figur 1 synar denne inndelinga. Dette er både arter som treng vern, t.d. truga og freda arter og arter som er skadelege (framande arter). Trua arter er eit samleomgrep i den norske raudlista for arter som har risiko for å døy ut frå norsk natur. Desse delast inn i tre kategoriar: **kritisk truga** (artar som har ekstremt høg risiko for å døy ut i nær framtid), **sterkt truga** (Arter som har svært høg risiko for å døy ut i nær framtid) og **sårbar** (arter som har høg risiko for å døy ut på sikt).

Arter av forvaltningsinteresse består dessutan av prioriterte arter og ein del ansvarsarter. Prioriterte arter er arter som får ekstra vern etter naturmangfaldlova, t.d. dverggås og fjellrev. I dag er det 14 prioriterte arter i Norge og alle har sin eigen forskrift. Ansvarsart er ein art kor Norge, eller ein region i landet, har en vesentleg del av den europeiske eller globale førekomsten av arten, dvs. meir enn eller lik 25 prosent. Norge har difor eit særleg forvaltningsansvar for å sikre at arten overlever.



Figur 4. Inndeling av arter i Norge (kjelde: Miljødirektoratet)

Mangfold av planter, dyr, insekt og mikroorganismar varierer mykje mellom naturtypar. På landsbasis er påverknad av leveområde (nedbygging, eller anna endring av arealet) den klårt viktigaste grunn til tap av naturmangfold på landarealet, mens fangst og fiske er det viktigaste årsaka til påverknad av naturmangfoldet i sjø og på hav (Miljødirektoratet). I tabell 4 og 5 gjengir vi eit lite utdrag av landbaserte (terrestriske) naturtypar og artar i Kinn kommune med forvaltningsinteresse.

I Naturbase får ein innsikt i kva kartleggingar som er gjort i Kinn. Det er gjort registreringar av 125 ulike terrestriske artar (på landareal) og 129 ulike terrestriske naturtypar. Desse kartleggingane er utført på oppdrag for ulike oppdragsgjevarar, m.a. i konsekvensutgreiingar i samband med utviklingsprosjekt. Det betyr at denne kjelda ikkje gir ein total oversikt over terrestriske naturtypar og artar i kommunen. Tabellane synar variasjonen i artar og naturtypar ein finn i kommunen. Utvalet er gjort for å vise nokon artar og naturtypar som er truga, variasjon av artar og naturtypar i kommunen, deira tilstand og naturmangfoldet. Hensikten er altså å illustrere at Kinn kommune har eit stort naturmangfold som ein bør ta vare på. Tabell 4 viser raudlistekategori kor truga dei ulike artane er. I tabell 5 viser «truga» til alle dei tre kategoriane: kritisk truga, sterk truga og sårbar. Vi gir óg ein omtale av fem av dei raudlista naturtypane som finst i Kinn.

Tabell 4. Eksempel på artsmangfold, landareal (terrestrisk), i Kinn kommune: verdi, rødlistekategori viser kor truga av utrydding (Kjelde: naturbase.no.)

Artsgruppe	Namn	Verdikategori	Utvalgsriterier	Rødlistekategori
Bløtdyr	Elvemusling	storVerdi	Annen spesielt hensynskrevende, Ansvarsart, Truet	Sårbar (VU)
Fugler	Furukorsnebb	storVerdi	Annen spesielt hensynskrevende, Ansvarsart	Livskraftig (LC)
Fugler	Hortulan	sværtStorVerdi	Annen spesielt hensynskrevende, Truet	Kritisk truet (CR)
Fugler	Rosenfink	storVerdi	Annen spesielt hensynskrevende, Rødlistet	Nær truet (NT)
Fugler	Hettemåke	sværtStorVerdi	Truet	Kritisk truet (CR)
Fugler	Lomvi	sværtStorVerdi	Truet	Kritisk truet (CR)
Fugler	Åkerrikse	sværtStorVerdi	Annen spesielt hensynskrevende, Truet	Kritisk truet (CR)
Fugler	Fiskemåke	storVerdi	Truet	Sårbar (VU)
Fugler	Heilo	storVerdi	Annen spesielt hensynskrevende, Rødlistet	Nær truet (NT)
Fugler	Havelle	storVerdi	Annen spesielt hensynskrevende, Rødlistet	Nær truet (NT)
Fugler	Rosenfink	storVerdi	Annen spesielt hensynskrevende, Rødlistet	Nær truet (NT)
Fugler	Storspove	sværtStorVerdi	Annen spesielt hensynskrevende, Truet	Sterk truet (EN)
Karplanter	Ramsløk	middelsVerdi	Rødlistet	Nær truet (NT)
Karplanter	Mosesildre	sværtStorVerdi	Fredet, Truet	Sterk truet (EN)
Karplanter	Purpurmarihand	sværtStorVerdi	Fredet, Truet	Sterk truet (EN)
Karplanter	Hjertegras	middelsVerdi	Rødlistet	Nær truet (NT)

Tabell 5. Naturtypar på landareal (terrestrisk) Kinn kommune, grad av truga, omfang av naturmangfald, lokalitetens sin tilstand (Kjelde: Naturbase.no)

Områdenavn	Truet	Nær truet	Lokalitetskvalitet	Naturmangfold	Naturtype	Tilstand
Sankt Helena Strand	1		høyKvalitet	moderat	Strandeng	God
Kvangrefossen1	1		høyKvalitet	moderat	Fosse-eng	God
Heida		1	sværtHøyKvalitet	stort	Kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra	God
Guleslettene 1		1	sværtLavKvalitet		Kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra	sværtRedusert
Heiavatnet øst		1	sværtHøyKvalitet	stort	Kalkrik fjellhei, leside og tundra	god
Myrstaddalen øst 1		1	høyKvalitet	moderat	Kalkfattig og intermediær rabbe	god
Plassen			sværtHøyKvalitet	stort	Hule eiker	god
Kvanngroelva1	1		moderatKvalitet	lite	Flomskogsmark	god
Kårevika1	1		moderatKvalitet	moderat	Semi-naturlig eng	moderat
Holterheim	1		moderatKvalitet	lite	Slåttemark	god
Refvika vest	1		sværtHøyKvalitet	stort	Naturbeitemark	god
Rota nord	1		moderatKvalitet	stort	Kystlynghei	dårlig
Trolleskjær Ø	1		moderatKvalitet	moderat	Kystlynghei	moderat
Telvika			sværtHøyKvalitet	stort	Eng-aktig sterkt endret fastmark	god
Furøya - myr		1	sværtLavKvalitet		Sørlig nedbørsmyr	sværtRedusert

Kystlynghei er ein kulturpåverka naturtype som har utvikla seg gjennom lang tids lyngsviing og beiting langs kysten. Han er prega av røsslyng og er levestad for ei rekke spesialiserte artar. Kystlyngheiane langs norskekysten høyrer til dei best bevarte i Europa, men er trua av attgroing når tradisjonell drift fell bort.

Hul eik viser til gamle, grove eiker med holrom, sprekkar og daudt ved. Desse trea er blant dei rikaste levestadane vi har for biologisk mangfald i norsk natur – særleg for vedlevande sopp, insekt og lav. Ein enkelt hul eik kan huse hundrevis av artar. Mange av artane som er knytte til hule eiker er raudlista og finst nesten berre i slike miljø.

Naturbeitemark er slåtte- og beiteenger som aldri har vore pløgde, gjødsla eller tilsådde med kulturgrasblandingar. Dei er artsrike og inneheld mange plantar, sopp og insekt som er avhengige av langvarig, ekstensivt beite. Naturbeitemarkene er sterkt trua – hovudsakleg som følgje av opphøyr av tradisjonelt husdyrbeite og moderne intensivt jordbruk.

Sørleg nedbørsmyr er ei myrtype som er heilt avhengig av nedbør for vasstilførselen – ikkje av grunnvatn eller overflatevatn frå omgjevnadane. Han finst i dei sørlege og meir oseaniske delane av landet, og er kjenneteikna av torvmosar og eit surt, næringsfattig miljø. Typen er sårbar for drenering, torvuttak og endringar i nedbørsmønsteret.

Strandeng er saltpåverka vegetasjon langs beskyttande kyst, gjerne i viker og bukter, og er tilpassa regelmessig oversvøming av sjøvatn. Han er prega av spesialiserte salttolerante plantar og er viktig rasteplass og hekkplass for vadefuglar og ender. Strandengene er trua av nedbygging, attgroing og endra beitetrykk.

Alle desse naturtypene er raudlista og er avhengige av anten aktiv skjøtsel eller at tradisjonell arealbruk vert halde ved like. Kjelde den nettbaserte kunnskapstenesta Artsdatabanken³

³ <https://artsdatabanken.no/>

4.4. Marine naturtypar

I tabell 6 viser eit utval av marine naturtypar i Kinn kommune med kor viktig dei er, tilstand og trugsmål. Dette er ikkje ei uttømmende liste på dei marine naturtypene i Kinn kommune. Me gjer også ein kort omtale av eit utval av desse naturtypene basert på Havforskningsinstituttets nettbaserte temasider (2026).

Tabell 6. Marine naturtypar i Kinn.

Marin naturtype	Verdi	Tilstand	Trussel
Ålegras	Viktig og lokalt viktig	Sterkt truga eller sårbar	næringssalt, miljøgifter og fysiske habitatødelegging
Blautbotn	Svært viktig, viktig og lokalt viktig	Sjå tekst under	mudring, dumping av masser, ureining og organisk belastning frå akvakultur
Større tareskog førekomst	Svært viktig og viktig	Truga	Taretråling, auke i kråkebollebestand
Skjelsand førekomst	Svært viktig og viktig	Sterkt truga eller sårbar	Uttak av skjelsand og endring av straumtilhøva
Korallar	Stor verdi	Nær truga	All fysisk endring av botnforhold, t.d. botntråling
Område med naturleg lågt oksygeninnhald	Viktig		
Østers	Lokalt viktig		

Ålegrasengene er svært artsrike system og har eit mangfald av funksjoner: karbonlager, områder for arter sin formeiring, matfat og skjule plass.

Plantene driv fotosyntese og er eit viktig karbonlager på grunn av langsam nedbryting i sediment. Ålegras tek også opp næringssalt som brukast å bygge biomasse og som gir næring til andre organismar. Plantens rotsystem bidrar med transport av oksygen ned i botnen og til stabilisering av blaute botnsediment. Tilbakegang og tap av ålegrassamfunna kan derfor få store økologiske og økonomiske ringvirkningar. Særlig gjeld dette fiskerier som baserer seg på arter avhengige av ålegras i deler av sin livssyklus.

Ålegrasvegetasjonen har relativ lita spreining- og restitusjonsevne, noko som gjer desse samfunna sårbare for forstyrring. Planen står derfor oppført på internasjonale lister over truga og/eller sårbare arter og habitat. Menneskelege aktivitet som ureining (utslepp av næringssalt, miljøgifter,

o.l.) og fysiske habitatødelegging som mudring, utfylling og etablering av kaianlegg er blant de mest alvorlege truslane for ålegrassamfunna langs norskekysten.

Blautbotn består av mudder og/eller fin, leirholdig eller grovare sand som ofte blir tørrlagt ved fjære sjø. Områda er viktige beiteområde for fugl og fisk. Vanlege arter på blautbotn er fjæremark, sandmusling, knivskjel, hjartemusling, pelikanfotsnigel, tårnsnigel, sjøstjerner og sjøpiggsvin. Ofte kan område med sterk bølgeaktivitet sjå heilt livlause ut fordi organismane er veldig små og lever nede i sedimentet. Dette er også viktige beiteområde for både sjøaure og kysttorsk, og sei i vinter- og vårhalvåret. Blautbotn er generelt ikkje truga, men einskilde lokalitetar kan vere utsett for menneskeleg påverknad ved mudring, dumping av masser, ureining og organisk belastning frå akvakultur. Inngrep som hindrar vassgjennomstrøyming ved bygging av moloar og fylling av gruntvassområde kan endre blautbotn sin tilstand.

Stortare danner tareskogene langs norskekysten. Tareskogene er tilholdssted for en rekke organismer og viktige oppvekst- og næringsområder for mange fiskearter. Bortfall av tarevegetasjon kan derfor ha store økologiske og økonomiske ringvirkninger.

Kråkebollebeiting og taretråling er to viktige årsaker til tap av tareskog. Kråkebollene kan beite ned all tare over store flater, og står for det største biomassetapet av tareskog langs norskekysten.

Skjelsandområde består i stor grad av knuste og delvis nedbrotne kalkskal frå skjel og andre marine organismer – er ein ikkje-fornybar ressurs i eit menneskeleg tidsperspektiv.

Skjelsandområde er eit habitat som ofte er rikt på blautbotnfauna med skjel og sniglar, rur, kråkebollar, kalkrørormar og kalkalgar. Talet på skjelsandførekomstar er generelt høgast ytst på kysten. På grunn av landhevinga etter siste istid, finn ein no mange gamle skjelsandførekomstar på grunnare vatn (til dels på land) enn der dei opphavleg blei avsette.

Utvinning av skjelsand føregår spreidd langs kysten, med dei største uttaka på Vestlandet. Skjelsand blir blant anna brukt som kalkingsmiddel i landbruket, som for fortilskot i landbruket, til kalking av vassdrag og som strøsand på vegar. Uttak av skjelsand og endring av straumtilhøva blir rekna som dei største truslane.

Andre naturtypar: Område med lågt oksygeninnhold er eit viktig arkiv over historisk utvikling då det er lite liv i slike område. I områder med tidvis naturleg lågt oksygeninnhold i botnvatnet blir art samansettinga spesiell då berre arter som har tilpassa seg lågt oksygeninnhold kan overleve.

4.5. Marine arter

Det finnast ikkje kommunevise oversikter over truga marine arter i Norge, ei heller for Kinn kommune. I Artsdatabanken kan ein søkje opp ein og ein art for å sjekke om den aktuelle arten er kartlagd og funnet i Kinn.

Kinn ligg rett sør for det verna marine området Stad, som inneheld dokumenterte raudlista marine habitat og grupper av arter (tareskog, djupvatnskoraller, sjøfjærer, svamper, m.m.). Rådgivende biologer har utført fleire kartleggingar i samband med oppretting av det marine verneområdet Stad. Dei visar mellom anna kor viktig tareskogen er for livet på kysten:

«Eit rikt dyre- og algeliv vart registrert i tareskogen og studiar har vist at over 100.000 organismar kan finnast på ein enkelt tarestilk. Stortareskog er eit svært produktivt og viktig økosystem som dannar livsgrunnlaget for ei mengde marine organismar» (Eilertsen & Olsen, 2019, p. 3).

Rådgivende biologer har også kartlagd naturmangfaldet ved å studere videoopptak utført av Norges geologiske undersøkingar (NGU) i området frå Fure på sørsida av stad til Tungevågen i nordaust (ibid). Ulike arter av svampar, sjøpungar, mosdyr, hydroider, nesledyr og børstemakk vart observert på botn av blandingsbotn. Sedimentbotn viste mindre mangfald. To raudlista artar, nær truga, vart observert: glaskorall og sjøtre. Desse artane var observert i eit av dei djupaste områda. Funn av desse artane kan tyde på at det er meir korallar i området, spesielt på bratt fjellskråning på større djupner. Ut frå desse funna gjer vi ei vurdering om at sørvest og sør for Vågsøy, og like så sør for Florø-landet, kan ein finne slike artar ut frå at områda har tilsvarende djupne som ved Stad.

4.6. Naturtilstanden i fjord og kyst

Tilstanden til sjøvatnet i fjordar og kyst ved Måløy og ved Florø vert regelmessig undersøkt av på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Undersøkingane synar at det er utfordringar, særleg når det gjeld miljøgifter (STIM 2026).

Fiskeoppdrett er ein viktig næring i Kinn, og pr i dag er det ikkje krav til reinsing frå anlegg i sjø. Det er krav om overvaking av miljøtilstanden slik at ein kan setje i verk tiltak dersom resipienten sin kapasitet er overskriden. For landbasert oppdrett er det krav til utslepp av nærings saltar og organisk materiale til resipient mellom anna ut frå storleik på oppdrettsanlegget og resipienten sin kapasitet. Regelverket er under utvikling, og det er truleg at krava kjem til å nærme seg krava til kommunale avløpsanlegg.

Slammet frå oppdrett i sjø gir verknad på miljøet, både ved å innehalde kjemikaliar frå legemidlar og andre stoff og ikkje minst organisk materiale og næringssalt (fosfor og nitrogen). Slammet endrar kjemisk og biologiske innhald i botnsediment under anlegga og påverkar difor livsmiljøet for botnlevande fisk, dyr, algar og planter. Næringssaltane løysast i sjøvatnet og kan gi eutrofiering (algevekst) og reduserer oksygeninnhaldet i vatnet (NOFIMA 2026).

Oppdrettarane med merdar i sjø har plikt til å drive regelmessig miljøovervaking under og i området nær anlegget for å kontrollere at utsleppa ikkje blir større enn det resipienten klarar handsame. Mengda slam frå merdane vil variere avhengig av storleik på merd, mengde fisk og produksjon. Det er difor vanskeleg å setje eit gjennomsnitt for utslepp per merd. Dersom overvakinga viser at utslepp gir uakseptabel miljøpåverknad, må oppdrettar gjennomføre tiltak slik at ureininga reduserast.

Trass mykje utviklingsarbeid for å finne løysingar for bruk av slam står det att utfordringar ved at fosfor i fôret går tapt gjennom slam. Dei globale reservane av fosfor er avgrensa. Dessutan er oppsamling, tørking og transport av slam er energikrevjande.

I følge Statsforvaltar Vestland har landbasert oppdrett dårleg kontroll på utslepp, samstundes som næringa sjølv hevdar at denne forma for opprett skal være tilnærma utsleppsfri (Statsforvaltaren 2026). Dette er lite realistisk og vil gi svært høge kostnader for nitrogenreinsing dersom det skulle realiserast. Grunnen er at største delen av nitrogenet frå oppdrett finst i finpartikler som ikkje blir samla opp av eit filter. Nitrogen er den viktigaste gjelda til eutrofiering i sjøvatn (algeoppblomstring) Utfordringa er difor at store landbaserte anlegg som no blir utvikla gir store og konsentrert utslepp til resipient. Det krev resipient som klarer å handsame slike utslepp. Det betyr igjen at nye utsleppskrav sannsynlegvis vil likne på krav til kommunale avløpsanlegg for å oppfylle krava i vassforskrifta.

I følge NOFIMA (2026) er den beste løysinga er at ein større del av fôrressursane nyttast til produksjon av fisk, og at ein mindre del blir slam. For å redusere mengda slam bør ein:

1. Auke fisken sin utnytting av fôret: Det er mogleg å utvikle fôr som er meir lettfordøyeleg slik at ein mindre del blir til gjødsel. Det finnes også metodar for å betre fosforutnyttinga frå fôret.
2. Samle opp slam direkte frå kara: På landanlegg bør oppsamling av partiklar skje direkte ved utløpet av kvart kar for meir effektiv oppsamling av gjødsel.
3. Redusere mengda fôrrestar: For å sikre god vekst og fôrutnytting er det vanleg å fôre ut noko meir fôr enn det laksen et. Ved å utvikle teknologi som skil overskotsfôr frå gjødsel, kan overskotsfôr gå tilbake til laksen og bli ete i staden for å bli ein del av slammet.

4.6 Varierende datagrunnlag om natur

Datagrunnlaget for å identifisere arter og naturtypar i Norge er svakt. I hovudsak er det areal som er utbygd, planlagd utbygd eller har ein økonomisk interesse (t.d. for jord- og skogbruk) som er kartlagde. Berre 4% av landarealet er kartlagt, svært lite over tregrensa. Endå mindre av sjøarealet er kartlagt (Brendehaug & Groven, 2024). Dermed vil ein som oftast ikkje finne arter eller naturtypar ved leite i ulike databasar for natur.

Også der naturen er kartlagd vil ein sjeldan få ein fullstendig oversikt over arter og naturtypar. Dette fordi dei som har drive med kartlegging har spesialisert seg på grupper av arter og naturtypar og sjeldan har full kjennskap til alle artar og naturtypar.

AR 5 føremål er å synleggjere økonomiske forhold heller enn den økologiske funksjonen og kvaliteten ved areala. Det gjer at datagrunnlaget for t.d. myr er unøyaktig og mangelfullt, og lite eigna for å berekne tap av karbonlagre, flaumdempende effekt og andre sokalla økosystemtenester. Vesentlege endringar innanfor kvar arealkategori kjem heller ikkje fram i AR5. T.d. vil planting av gran i ein allsidig skog ikkje verte registrert som arealendring fordi arealet framleis vil verte kategorisert som skog. Dessutan er det ein veikskap ved datasettet at den rutinemessige oppdateringa skjer sjeldan. AR5 er både prega av at det ikkje er detaljert nok for mange føremål, og at kartdataa ikkje er godt nok oppdaterte. Difor skriv Miljødirektoratet (2026) at:

For arealregnskapet finnes det i dag ikke heldekkende kart eller arealstatistikk som beskriver økosystemenes utbredelse. (...) Fra et økologisk perspektiv er dette ikke tiltrekkelig. Samlet sett gir dette utfordringer ved at et arealregnskap basert på eksisterende og lett tilgjengelige data vil ha lav forvaltningsnytte, særlig på lokalt nivå hvor utslagene av unøyaktige målinger kan være store.

Mens AR5 har ambisjon om å dekke arealet opp til tregrensa, gir arearesursdatabasen AR50 data også for areal over tregrensa. AR50 er basert på satellittdata, men er både grovare og mindre detaljkartlagt i felt, og blir enda sjeldnare oppdatert enn AR5 (Gjertsen, 2011). AR50-data gir heller ikkje informasjon om økologisk funksjon og kvalitet ved areala, og heller ikkje endring i tilstand innanfor naturtypane. Arealkategoriane er dessutan svært grove.

Dette betyr at dersom det i ein konsekvensanalyse heiter at det ikkje er registrert viktige artar eller naturtypar i eit område så kan grunnen vere at dette ikkje er kartlagd. For å vurdere om naturtilstanden er kartlagt tilstrekkeleg må ein stille spørsmål om det er gjennomført naturregistreringer i felt, når dette vart gjort og av kven, samt kor ein finn kunnskapsgrunnlaget for og dokumentasjonen av desse registreringane.

Dersom kartlegging ikkje er gjennomført veit ein ikkje kva for naturverdiar som finst i området. Kva slags planer og tiltak som krev konsekvensutgreiing er gitt i forskrift om konsekvensutgreiing⁴.

⁴ <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-21-854>

5. Verktøy og verkemiddel

For at naturpolitikken i Kinn kommune skal bli robust og gjennomførbar i praksis, trengst eigna verktøy. Dette kapittelet presenterer og drøftar utvalde verktøy og verkemiddel som kan styrkje samsvaret mellom politiske mål, planlegging og konkret arealforvaltning. Fokus er særleg retta mot beslutningsgrunnlag, oversikt over natur og arealbruk, og handtering av målkonfliktar mellom natur og utvikling.

5.1. Areal- og naturrekneskap

Både norske styresmakter og forskingslitteraturen løftar no fram arealrekneskap og naturrekneskap som sentrale verktøy i utviklinga av ein meir kunnskapsbasert og ansvarleg naturpolitikk i kommunane. Regjeringa si naturmelding tilrår at kommunane tek i bruk kommunale naturrekneskap som del av oppfølginga av Naturavtalen. Den første nasjonale naturrekneskapen skal vere klare i 2026, og Miljødirektoratet jobbar med ein rettleiar for kommunale naturrekneskap som skal vere klar i 2026/2027 (Miljødirektoratet, 2026).

Kinn kommune har alt utarbeidd eit arealrekneskap som viser planreserve og endringar i arealbruk i utkastet til kommuneplanens arealplan. Eit naturrekneskap byggjer vidare på denne typen oversikt, men har ei anna innretning: Naturrekneskapen tek utgangspunkt i ei meir detaljert kategorisering av naturen, inkludert naturtypar, artar, økologisk tilstand og økosystemtenester (Miljødirektoratet, 2026). Medan arealrekneskapen primært handlar om arealformål og arealpress, er naturrekneskapen eit verktøy for økologisk situasjonsforståing – både i notid og bakover i tid.

Studie av norsk kommunal praksis viser at bruk av desse elementa som styringsverktøy – og ikkje berre som dokumentasjon – gir betre sikring av naturhensyn. Hanssen mfl. (2025) og Indset & Tvedt (2025) viser at kommunar som nyttar areal- og naturrekneskap instrumentelt rapporterer betre resultat når det gjeld å ivareta natur.

Behovet for betre oversikt over økosystem er godt dokumentert. NOU 2023:25 viser at naturrekneskap synleggjer økosystema sine bidrag til økonomi, arbeidsliv, velferd og berekraftsmåloppnåing. Fagfelleverdert litteratur peikar samtidig på at naturrekneskap er lite utbreidd både nasjonalt og globalt, og at kommunar treng betre metodikk og kunnskapsgrunnlag for å oppfylle sine forpliktingar etter Naturavtalen (Mukwarami & Van der Poll, 2024).

Døme på kommunar som har teke i bruk variantar av naturrekneskap, er Ringerike og Nordre Follo (Hanssen mfl., 2025; Liebel mfl., 2024; Ringerike kommune, 2026). Desse kommunane har delteke i pilotar og forskingsprosjekt som har forsøkt å konkretisere naturrekneskap i lokal forvaltingskontekst. Desse døma viser at det kan løysast på ulike måtar. Ein grunn til at det, er at både arealrekneskap og naturrekneskap er overlappande og delvis uklare omgrep. Ringerike skil til dømes mellom *arealrekneskap* og *arealanalyse* for å klargjere kva formålet er (Ringerike kommune, 2026).

Omgrepsavklaring for areal- og naturrekneskap

Omgrepa areal- og naturrekneskap inneheld element av både grunnlagskartlegging, planlegging og måling og rapportering. Likevel fører bruken av ordet «rekneskap» truleg til at kommunar tolkar og løyser dette ulikt. I eit forsøk på å vise kva desse omgrepa inneheld, og rydde litt i omgrepsbruken, føresler me å skilje desse omgrepa etter detaljnivå og bruksformål, som vist i tabell #. Dette rammeverket gjer det lettare å forstå korleis areal- og naturrekneskap utfyller kvarandre, og korleis dei samla kan styrke kommunen sin naturpolitikk. Tabellen introduserer nye omgrep for å omtale innhaldet i dei ulike analysane på ein vonleg meir intuitiv måte.

Tabell 7. Omgrepsapparat for å tydeleggjere innhaldet i omgrepa arealrekneskap og naturrekneskap

Type	Nivå	Formål		
		Grunnlags-kartlegging	Planlegging	Måling og rapportering
Arealrekneskap	Arealnivå (areal-kategoriar, arealbruk)	Arealbrukskartlegging	Arealbruksanalyse	Arealbruksrekneskap
Naturrekneskap	Økosystemnivå (naturtypar, artar, økosystemtenester)	Naturkartlegging og naturtilstandsanalyse	Naturpåverknadsanalyse	Naturrekneskap

På **arealnivå** tek verktøya utgangspunkt i arealkategoriar som jordbruk, skog, myr, bebygd område og samferdsel. **Arealbrukskartlegging** gir oversikt over den faktiske arealbruken i kommunen, medan **arealbruksanalyse** inneheld vurderingar av arealreserve, konflikhtar, framtidig utbyggingsbehov og alternativ. **Arealbruksrekneskapet** syner endringar over tid, mellom anna kor mykje natur som er bygd ned, og korleis planreserven endrar seg.

På **økosystemnivå** kartlegg kommunen naturtypar, artar, økologisk tilstand og økosystemtenester, inkludert bidraget til klimarisiko og karbonlagring, og dei opplevde naturverdiane. **Naturkartlegging og tilstandsanalyse** gir eit mest mogeleg detaljert utgangspunkt for å følgje med på naturen i kommunen. **Naturpåverknadsanalyse** vurderer

korleis tiltak og planar i sum påverkar natur gjennom inngrep, fragmentering og tap av økologisk samanheng. **Naturekneskapet** fungerer som eit måleverktøy over tid og inneheld tidsseriar for økosystemutbreiing, tilstand og økosystemtenester.

Samla sett gjer tabellen det vonleg lettare å forstå korleis kommunen kan kombinere oversiktsanalysar (på arealnivå) med økosystemretta analysar for å utvikle ein meir kunnskapsbasert naturpolitikk som tek inn over seg både arealpress og økologisk tilstand. Likevel vil nytten av areal- og naturekneskap avhenge av kvaliteten i datagrunnlaget. I begge tilfelle vil det dermed krevje nye lokale kartleggingar for å utfylle dei mangelfulle offentlege dataane, slik me skildrar i kapittel 4.6.

5.2. Markagrense

Markagrense er eit etablert verkemiddel i norsk arealpolitikk for å skjerme by- og tettstadsnære naturområde mot bit-for-bit-nedbygging. Meld. St. 18 (2015–2016) løftar fram markaområda som nokre av landets viktigaste friluftslivsområde og tilrår at kommunar under utbyggingspress fastset langsiktige utbyggingsgrenser, særleg gjennom omsynssoner.

I Kinn kommune, først og fremst i Florø, har dette verkemiddelet vore føreslått, både frå innbygarane (Florø Bulystforeining, 2026) og i AsplanViak si alternativsvurdering for lokalisering av næring i Florelandet Nord (Vevatne mfl., 2025). Alternativsvurderinga tek utgangspunkt i samfunnsplanen sin arealstrategi, og brukar den aktivt som grunnlag for vurderinga. Rapporten konkluderer med at potensialet for fortetting innanfor eksisterande næringsområde i dette området er lite, at alternative lokaliseringar manglar, at det i liten grad er mogeleg å avgrense skadeverknadane av utbygging, og dermed at kompensasjon, mellom anna ved oppretting av markagrense, er den einaste måten å ivareta prinsippa i tiltakshierarkiet i arealstrategien.

Miljødirektoratet si rettleiing viser at markagrense, gjennom bruk omsynssoner, kan hindre fragmentering av grønstruktur, sikre inngangsportar til marka og skape føreseielege rammer for bruk og vern. Samstundes blir det understreka at manglande planavklaring gjer markaområda særleg sårbare for bitvis nedbygging (Miljødirektoratet, 2024b).

Internasjonalt blir markagrense omtalt som Urban Growth Boundaries (UGB). Forskingslitteraturen viser at UGB kan redusere byspreiing og bidra til å skåne natur, men peiker òg på fleire risikofaktorar: auke i bustadprisar, sterkare økonomisk press på utviklingsområde innanfor grensa, og 'leapfrog'-utbygging i randområda dersom grensa blir trekt for stramt eller utan komplementære verkemiddel (Kirby et al., 2023).

Kirby et al., (2023) oppsummerer fleire studiar som viser at utbyggingspresset innanfor markagrensa kan auke dersom fortettingspolitikk og grønstruktur ikkje er samordna. Dette kan føre til tap av nærliggande grøntområde, leikeareal og små naturområde som elles er viktige for nærmiljøkvalitet og folkehelse.

Samla sett viser både forskinga og rettleiingane frå nasjonale myndigheiter at markagrense kan vere eit effektivt verkemiddel for å sikre langsiktig vern av by- og tettstadsnær natur, men berre dersom ho blir kombinert med komplementære tiltak, realistisk utbyggingspolitikk, og tilstrekkeleg styring av arealbruken i randområda. For Kinn kan markagrense vere relevant i område der press på natur- og friluftslivsområde er aukande. Ein funksjonell markagrense må likevel vere del av ein heilskapleg strategi som kombinerer naturvern, friluftsliv, fortetting, samferdsel og realistiske utbyggingsmål – og samstundes tek omsyn til risikoane som forskinga peikar på, inkludert bustadmarknadseffektar, fragmentering i randområda og press på grønstruktur innanfor grensa.

5.3. Næringsinnretta naturrisikoanalyse

Sjølv med eit godt fagleg utgangspunkt og god prinsipiell naturpolitikk, kan det vere krevjande i ein kommune med høg sysselsetting i privat næringsliv å få brei forståing for kvifor nye naturinngrep må unngåast, særleg når kommunen tilsynelatande har store naturareal. Her kan ei næringsinnretta naturrisikoanalyse styrke både legitimiteten og presisjonen i naturpolitikken.

NOU 2024:2 definerer naturrisiko som faren for negative konsekvensar for aktørar og samfunn ved tap eller forringing av natur og naturmangfald. Utvalet skil mellom to hovudtypar risiko: *Fysisk naturrisiko*, som følgjer av økologiske endringar, tap av natur og svekka naturfunksjonar, og *overgangsrisiko*, som oppstår når politikk, reguleringar og teknologi endrar rammevilkåra for næringslivet.

I ein metode utvikla av Vestlandsforskning og NORCE, opererer dei òg med ein tredje kategori, *grenseoverskridande risiko*, som representerer den importerte risikoen gjennom verdikjedene til ulike næringar og forvaltningssektorar (Jansen mfl., 2025). Denne metoden er utvikla i eit forskingsprosjekt i Årdal kommune i samarbeid med kommunen, Hydro Årdal, Miljødirektoratet og Vestland fylkeskommune.

Alle desse risikotypane er relevante i Kinn, der naturbaserte næringar, kystinfrastruktur, arealpress og klimaendringar verkar saman. Erfaringane frå Årdal viser at ei slik analyse styrkar forståinga av både korleis lokalt næringsliv er avhengig av natur, og korleis dei same aktørane bidreg til naturpåverknad og risiko (Jansen mfl., 2025).

Ei næringsinnretta naturrisikoanalyse undersøker særleg korleis naturtap påverkar næringslivet, korleis næringsliv påverkar naturen, og korleis endringar i naturpolitikken skaper risiko for verksemdar. FNs naturpanel (2026) peiker, i ein fersk rapport, på at alle næringer – direkte eller indirekte – er avhengige av natur, og at naturtap derfor er ein systemisk økonomisk risiko. I 2023 var om lag 7300 milliardar USD i globale finansstraumar knytte til aktivitetar som har direkte negativ påverknad på natur, medan berre om lag 220 milliardar USD vart retta mot naturpositiv innsats. Dette er under 3 prosent av dei finansielle insentiva som fremjar skadelege aktivitetar (IPBES, 2026).

Ei naturrisikoanalyse er særleg relevant i kommunar der næringslivet har sterk posisjon. Økonomiske aktørar har langt større påverknad på avgjersler enn naturinteresser, noko som skapar strukturelle skeivheiter i areal- og naturforvaltninga. For å oppnå ein meir balansert arealpolitikk kan naturrisikoanalyse vere eit verktøy som synleggjere kvifor føre-var-tilnærming, arealnøytralitet og tiltakshierarkiet er nødvendig – ikkje berre for naturens del, men òg for lokal økonomi, arbeidsplassar og framtidig samfunnsutvikling.

Naturrisikoanalyse kan dermed styrke kommunen si naturpolitikk ved å:

1. gi eit økonomisk og strategisk grunnlag for å vurdere naturinngrep
2. synleggjere kva delar av næringslivet som er mest sårbare for naturtap
3. identifisere korleis naturvern og restaurering kan redusere framtidig finansiell risiko
4. vise korleis kommunen kan utvikle dialog og samarbeid med næringslivet for å løyse felles utfordringar.

For Kinn kan analysetilnærminga vere eit viktig bidrag til ein meir heilskapleg og ansvarleg areal- og naturpolitikk som tek inn over seg både lokal utvikling, risiko og internasjonale forpliktingar.

5.4. Kvalitet i konsekvensutgreiingar

Fleire har foreslått at det er naudsynt å endre systemet med at det er utbyggjarar som engasjerer firma for konsekvensutgreiingar (KU). Ein slik endring vil bryte insitamentet hos kartleggjar til å tilfredstille utbyggjar sine ønskjer for KU. Å finne skjeldne og verdifulle arter og naturtypar vil gjere det vanskelegare å få bygget ut området enn om slike ikkje er funne. I NRK-programmet (2023) *Oppsynsmannen* gir Bård Tuft Johansen dette fenomenet eit namn når han kallar kartleggarane som finn få skjeldne artar og naturtypar for «slomsebiologar».

På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet har Menon og Sweco evaluert korleis klima- og miljøspørsmål blir handsama i KUane i kommunale arealplanar (Pedersen, 2019). Evalueringa

viser gjennomgåande svakheiter i grunnlaget som blir lagt fram for politiske vedtak. Hovudkonklusjonen er tydeleg:

De gjennomgatte konsekvensutredningene begrunner i liten grad fastsettelse av verdi, påvirkning og konsekvens for klima- og miljøtemaer. Det redegjøres nesten ikke for usikkerhet og manglende kunnskap, samtidig som det i liten grad gjennomføres supplerende undersøkelser (Pedersen, 2019, p. 3).

Evalueringa, som omfattar kommunar frå alle fylke, viser vidare at oppsummeringane av dei samla arealendringane ofte ikkje løftar fram dei største negative verknadene. Saksframlegga som politikarane får, inneheld gjerne korte og lite informative omtalar av klima- og miljøtema, og planalternativ blir sjeldan utgreidde. Berre 13 prosent av KU-ane hadde fagleg grunngeving for fastsetting av verdi, påverknad og konsekvens for alle tema. Der slik grunngeving fanst, var ho ofte utilstrekkeleg og ikkje tilpassa tiltaket som var til vurdering.

Pedersen mfl. (2019) peikar òg på fleire strukturelle svakheiter:

- oppsummeringane på tvers av tema er noko betre enn sjølvne fagvurderingane
- vurdering av dei samla arealbruksendringane i kommuneplanens arealdel er gjennomgåande svak
- usikkerheit og manglende kunnskap blir sjeldan omtalt
- det er ikkje uvanleg at saksframlegg og planvedtak ikkje omtalar klima eller miljø i det heile

I rapporten blir dette oppsummert slik: «Seks av ti kommuner formidler ikke de viktigste funnene i konsekvensutredningen i oppsummeringene.» (Pedersen mfl., 2019, s. 4).

Desse funna tyder på at kommunar ofte fattar arealvedtak på eit svakt eller mangelfullt kunnskapsgrunnlag. Analysen vurderer først og fremst om dagens regelverk blir praktisert tilfredsstillande – ikkje om KU-metodikken i seg sjølv fangar opp natur- og klimaverdiar godt nok.

Ei seinare evaluering, gjennomført av Multiconsult (2021), stadfestar mykje av det same biletet. Gjennomgangen av 35 KU-ar etter vedlegg I og II i KU-forskrifta viser store kvalitetsvariasjonar og mangelfulle vurderingar av påverknad og konsekvens. Kunnskapsmangel blir lite omtalt, og vurderingar av samla verknad av fleire tiltak skjer sjeldan. Særleg svake er vurderingane av vatn, ureining, miljømål og økosystemtenester (Skog, 2021).

Samla sett viser desse undersøkingane at konsekvensutgreiingar ofte ikkje fungerer som ei objektiv og balansert framstilling av fordelar og ulemper ved eit tiltak. Metodikken inneheld rom for skjønn, og vurderingane blir påverka av kompetanse, erfaring og natursyn hos dei som utfører

arbeidet. I tillegg blir sentrale funn ofte ikkje godt nok formidla vidare til dei som skal ta avgjerslene.

Eit forslag for å styrke uavhengigheita er at utbyggjar framleis finansierer utgreiinga, men at kommunen står som bestillar gjennom gebyrreglementet (Simensen, 2022) – noko som kan redusere insentiva hjå leverandørar av KUar om å vere lojale mot utbyggjar.

Inntil slike endringar eventuelt kjem på plass, bør kommunane vere særleg merksame på kompetansen og uavhengigheit hos dei som får utgreiingsoppdrag. Kommunepolitikarar har også grunn til å stille kritiske spørsmål til val av utgreiar, metodikk, vurderingane som er gjorde og kvaliteten på rapportane som blir lagt fram.

6. Medverknad

For å forankre det naturpolitiske dokumentet lokalt har Vestlandsforskning gjennomført ein medverknadsprosess i samarbeid med kommunen. Eit hovudformål med medverknadsprosessen har vore å inkludere ulike stemmer i lokalsamfunnet og leggje til rette for dialog på tvers av ulike grupper. Prosessen bygde på ein verdi-basert metodikk der deltakarane først brukte tid på å bli kjende og dele personlege verdiar, før vi gjennomførte ein prioriteringsøving. Prosessen føregikk over to arbeidsverkstadar, 24. februar og 10. mars 2026, kor 11 personar deltok på første samling og 12 deltok på den andre.

6.1. Kven deltok?

Vi inviterte rundt 20 deltakarar frå ulike verksemder og foreiningar i kommunen. Utvalet blei gjort av Vestlandsforskning og Kinn kommune i samarbeid, med mål om balanse i geografi, alder, kjønn, og næring- og naturinteresser. Deltakarane representerte ei brei vifte av ulike interesser, organisasjonar og næringar med aktivitet i kommunen, eit såkalla «stakeholder panel» (Soma & Vatn, 2014). Samlingane var lukka og deltakarane vart inviterte av Vestlandsforskning. Under samlingane vart deltakarane spurde om å legge «hattane» sine til side og kome som innbyggjarar, ikkje som representantar for deira verksemd eller organisasjon. Det blei bestemt at lokalpolitikarar ikkje skulle ta del i prosessen.

Desse deltok på første verkstad:

Andreas Grøneng, Anna Barlund Stensvoll, Audhild Teigen Jon Anders Stavang, Johannes Elslo, Linda Mortensen Midtbø Linn Nekkøy, Signe Erstad Sivertsen, Stein Malkenes, Sølve Oldeide, Tom Staveteig

Desse deltok på andre verkstad:

Andreas Grøneng, Anna Barlund Stensvoll, Anne-Stine Meland, Audhild Teigen, Bjarne Melvær Berge, Cecilie Kringstad Halvorsen, Ingrid Andresen Lund, Jan Erik Hansen, Linda Mortensen Midtbø Stein Malkenes, Sølve Oldeide, Tom Staveteig.

Følgande verksemder/ foreiningar vert invitert:

Måløy vekst	Flora hamn
Florø industri- og næringsforening	Ytre Nordfjord turlag
Florø bulystforening	Flora turlag
Naturvernforbundet	U40 Måløy
Aksello	U40 Florø
Visit Fjordkysten	Fjordane friluftsråd
Nordfjord havn	Ungdomsordførar

6.2. Metode

Samtalene skjedde i grupper med tre-fire deltakarar. Deltakarane blei bedne om å lytte konsentrert til kvarandre, og unngå distraksjonar og avbrytingar. Ein forskar frå Vestlandsforskning fasiliterte samtalen. Kommunen deltok som observatør.

På første samling vart deltakarane spurde om å sette ord på og dele kva for verdier som er viktige for dei. I etterkant sendte vi ut ein spørjeundersøking for å supplere verdiane frå første arbeidsverkstad og for å gi dei som ikkje deltok på første samling høve til å gi deira synspunkt. Verdiane vart brukt som utgangspunkt for å forme prinsipp for utviklinga i kommunen.

På andre samling vart deltakarane bedne om å ta stilling til ein rekkje påstandar om naturpolitikk og utvikling i kommunen. Deretter diskuterte vi dei prinsippa som det var ulike syn på i gruppa. Formålet var ikkje å kome fram til semje, men å belyse kva som er vanskeleg, kva som ikkje er det, og bidra til meir forståing for andre argument.

6.3. utfordringar

Vi hadde nokon utfordringar i medverknadsprosessen, som vi har forsøkt å handtere på best mogleg måte:


- Tidsplanen for prosjektet var stram og difor var det fleire av dei inviterte som ikkje hadde høve til å delta på samlingane på kort varsel.

Rammeverk for verkstadene

Verkstadene vart utforma på bakgrunn av eit rammeverk for gjennomgripande samfunnsendingar, kalla «tre sfærar for transformasjon». Logikken i rammeverket er at den praktiske politikken er fundert i ein politisk kontekst, som igjen spring ut av dei personlege verdiane. Poenget med rammeverket er å synleggjere påverknadskrafta personlege verdier har, og at alle tre sfærene må sjåast i samanheng dersom ein skal kome fram til berekraftige løysingar.

Semjeøvinga på andre samling var ein tilpassa versjon av Q-metode, der ein vurderer ulike påstandar ut ifrå om ein er einig eller ueinig (Tandberg et al., 2025).

Medverknadsprosessen var ein kondensert versjon av ein [tilsvarande prosess Vestlandsforskning gjennomførte i Sogndal kommune](#) i forbindelse med kommunedelplanen for Hodlekve.



Tre sfærer for transformasjon, basert på O'Brien og Sygna (2013) og Sharma (2017).

- Vi skulle gjerne hatt meir tid på samlingane til å komme enda lengre i diskusjonane, men det var viktig for oss å leggje til rette for at deltakarane kunne reise med hurtigbåten til og frå Måløy same kveld, noko som avgrensa tida til 2,5 timar.
- Begge samlingane fann sted i kommunehuset (Øklandbygget) i Florø sentrum, noko som gjorde at fleire innbyggjarar frå gamle Flora kommune enn frå gamle Vågsøy kommune deltok. Prosessen har difor gitt færre perspektiv som er relevante for Måløyområde enn for Florø.
- Metoden tek utgangspunkt i at dei same deltakarane tek del på begge samlingane. Ettersom det var ein del utskifting mellom samlingane, brukte vi tid på å gjenta hovudmomenta frå samling 1.

6.4. Verdier

Summen av våre personlege verdier er det som grunnleggande sett avgjer korleis dei politiske strukturane og systema ser ut, og vidare kva praktisk politikk som blir produsert. Når utviklinga i kommunen der me bur er i strid med våre personlege verdier, er det verdiane våre som stimulerer til debatt, lesarinnlegg og evt. innbyggjarinitiativ og demonstrasjonar. Slik veg verdier ofte tyngre enn meir objektive mål på natur- eller næringsverdi når politiske avgjersler skal takast. Det er den grunnleggande premissen for å ta utgangspunkt i verdier for å strukturere ein medverknadsprosess, slik me har gjort

Å ta omsyn til, og respektere naturen, var den personlege verdien som blei nemnd flest gonger av deltakarane, over halvparten sette dette høgt. Mange såg dette i samanheng med å respektere kvarandre og komande generasjonar. Ein annan verdi mange løfta fram i ulike variantar, var ærlegdom og openheit. Mange knytte dette til eit ønskje om meir innsyn i kva for prioriteringar kommunen gjer i ulike arealspørsmål. Ærlegdom om intensjonen for utbygging, både frå utbyggjar og kommunen vart òg etterspurd. At eit arbeid er kunnskapsbasert var også noko mange deltakarar løfta fram. Desse 16 verdiane blei nemnd flest gonger på første samling og i spørjeundersøkinga:

Verdiar som var viktige for deltakarane:

- **Respekt:** Å respektere menneske, natur og komande generasjonar, forvente gjensidigheit
- **Naturomsyn:** Å verdsette naturen sin eiga verdi og ta omsyn til bruk av naturen
- **Ærlegdom:** Vere open om intensjon og formål, og kunne stole på kvarandre
- **Kunnskapsbasert:** Val ein tar må være fundert i kunnskap og vere etterprøvbare
- **Mot:** Tørre å vele det utrygge og stå for det ein meiner
- **Inkludering:** Sikre at alle får tilgang og moglegheit til å delta
- **Rausheit:** Gjestfriheit, og det å respektere andre synspunkt og veremåtar
- **Ansvarlegheit:** Vere løysingsorientert, effektiv, forutsigeleg og fullføre det ein startar på
- **Tryggleik:** Verne om eit trygt samfunn
- **Openheit:** Gjennomsiktigheit og å kunne snakke ærleg om ting som er vanskeleg
- **Nøysemd:** Måtehald i ambisjon og prioriteringar, i motsetnad til grådighet
- **Nyfikenheit:** Å vere utforskande og nysgjerrig på andre og verda
- **Medmenneskelegheit:** Å utvise kjærleik og omsorg for andre
- **Berekraftig:** At ein arbeider langsiktig for et leveleg miljø og komande generasjonar
- **Engasjement:** Initiativ og entreprenørskap er avgjerande for å eit levande lokalsamfunn
- **Retttferd:** Sikre like moglegheiter og ein retttferdig fordeling mellom menneske og natur

6.5. Prinsipp for utvikling i Kinn

På andre samling gjennomførte vi ei semjeøving med utgangspunkt i prinsippa som kom fram på første samling. Deltakarane skulle ta stilling til 24 påstandar som var basert på desse prinsippa, men tilpassa av Vestlandsforskning for å sikre ein passende balanse mellom ulike påstandar. Deltakarane vert bedt om å vurdere om dei var einig eller ueinig i påstandane. Der kor det var ulike syn i gruppa diskuterte vi kvifor det var vanskeleg å einast om desse påstandane. Til slutt valte gruppa ut tre prinsipp dei var mest samde om at var viktige.

Prinsipp alle kunne einast om

Etter å ha samanlikna svara frå dei tre gruppene på arbeidsverkstad 2 såg vi at fleire av påstandane var lite kontroversielle, og at dei fleste deltakarane kunne einast om dei. Mange opplevde dessutan at dei var meir samde med deltakarar frå andre «leirar» enn dei hadde trudd på førehand. Nokre uttrykte også overrasking over kor mykje samsvar det var mellom egne vurderingar og vurderingane til deltakarar dei hadde sett for seg som ganske ulike.

Alle gruppene var heilt einige ni påstandar. Fire av desse blei løfta fram som ekstra viktig blant minst ei av gruppene. Noko alle var heilt samde om var at nærnaturen er ein viktig føresetnad for

å gjere kommunen attraktiv. Alle var også samd om at næringsutvikling bør skje der det allereie er «grå areal», eller der naturkonsekvensen er låg, og at formål og behov for utbygging må dokumenterast grundig. Alle var også samd om at innbyggjarar må involveras meir og at

Alle deltakarane var samd i at:

- Nærnaturen er ein føresetnad for at lokalsamfunna i Kinn skal vere attraktive stadar å bu.
- Utvikling i Kinn kommune skal som hovudregel skje som effektivisering av allereie utvikla areal, slik som gjenbruk og fortetting.
- Kommunen bør leggje til rette for næring der naturkonsekvensen er låg.
- Kinn kommune må ha betre involvering av innbyggjarane i arealspørsmål.
- Om kommunen stiller areal til disposisjon må dei stille konkrete vilkår for bruken av arealet.
- Arealprosessar i Kinn kommune skal ta omsyn til naturen for komande generasjonar.
- Kinn kommune må tydeleg kommunisere korleis dei vektar positive og negative konsekvensar av naturinngrep
- Kinn kommune må stille krav til grundig dokumentasjon av behovet for utbygging (f.eks. bustad, næring) før natur kan byggast ned.
- Det er viktig at kommunen ivaretek natur som bidreg til å beskytte lokalsamfunna mot ekstremvêr, slik som å dempe flaum, stormflod eller å hindre ras.

informasjonflyten frå kommunen har eit forbedringspotensiale. Å ta vare på natur både for komande generasjonar, og for økosystemteneste var alle også samd om.

Fleire deltakarar uttrykte avgrensa tillit til korleis dagens system for konsekvensutgreiingar fungerer. Nokre opplevde at utgreiingar i praksis kan vektleggje dei positive sidene ved eit tiltak sterkare enn dei negative, og stilte spørsmål ved om vurderingane alltid er heilt uhilda når utbyggjar sjølv bestiller og betaler for utgreiinga. To av tre grupper meinte at konsekvensutgreiingar bør kontrollerast av ein uavhengig part for å sikre større truverd. Samstundes vart det peika på at ei slik ordning reiser spørsmålet om kven som skal bere kostnaden. Dei fleste var òg einige om at arealplanprosessar i Kinn er for kortsiktige og at kommunen må sørge for å gjere sin del for å følgje opp den internasjonale naturavtalen.

Mange var samde i at:

- Kartleggingar av konsekvensar av utvikling i område med viktige naturverdiar bør kontrollerast av uavhengig part (slik som risiko- og sårbarheitsanalyser og konsekvensutgreiingar)
- Kinn kommune skal ta ansvar for å følgje opp Den internasjonale naturavtalen, som inneber 30% vern av land- og havområde og restaurering av 30% av forringa økosystem innan 2030
- Arealprosessar i Kinn kommune er for kortsiktige

Prinsipp det var vanskeleg å einast om

Halvparten av prinsippa kunne ikkje deltakarane i dei ulike gruppene einast om.

Det var ulike syn internt i gruppene om at:

- Det er betre at me får industrisatsingar i Kinn enn at dei går til nabokommunen, sjølv om det krev naturareal for å realisere dei
- Utan utbygging i nye område vil Kinn stå i fare for stagnasjon og fråflytting.
- Kommunen bør utarbeide områdegrensar («markagrensar») for alle lokalsamfunn i Kinn
- Kinn kommune bør utarbeide ei områdegrense («markagrense») rundt Florø
- Kinn bør vekte natur og næringsutvikling likt og søke løysingar der begge omsyn kan sameinast.
- Naturomsyn må vike når utviklingsprosjekt bidreg betydeleg til grønn energi eller omstilling.
- Veksten i næringslivet i Kinn kommune skal i større grad skje i tenesteyting enn i industri
- Grøn næringsutvikling er meningslaus om den samtidig bygger ned natur som bind og lagrar karbon.
- Det er naudsynt å ha areal tilgjengeleg for framtidige næringar
- Kinn kommune må vere lojale mot sine eigne planar og unngå dispensasjonar
- Det er viktigare å bevare kystnatur og økosystem enn å skape nye arbeidsplassar.
- Kommunen bør tillate utbygging i natur dersom naturtapet kan kompenseraast på ein truverdig måte.

Som kjent er utgangspunktet i tidlegare Flora og tidlegare Vågsøy kommune er nokså ulike. Mange innbyggjarar i Florø gav uttrykk for ei oppleving av at det er lite natur igjen i nærleiken til byen, og at kommunen no må strekke seg lenger for å bevare dei nærnaturområda som er att. I Måløy er situasjonen ein annan. Her opplevst ikkje presset på naturen like stor, og andre utfordringar blir trekt fram lokalt, mellom anna knytt til reiseliv.

Det var inga semje om å etablere ei 'markagrense' rundt Florø by, ei heller rundt alle tettstadane i kommunen. Mange var bekymra for korleis ein slik grense vil legge press på byområda innanfor grensa, og på områda som ligg utanfor grensene, og føre enten til struping av næringsinteresser eller til meir spreitt naturnedbygging.

I diskusjon om arealnøytralitet var fleire skeptiske til kompensasjon av natur. Dei frykta at slik kompensasjon i realiteten vil føre til eit tap for naturen. Det er mykje usikkerheit knytt til om eit nedbygd område som blir tilbakeført til natur, får høg kvalitet etter restaurering. Naturverdien vil også variere frå stad til stad, både som rekreasjonsområde for menneske og som habitat for dyr og planter. Difor var det stor skepsis rundt det å skulle opne for å kompensere nedbygging ein stad med å tilbakeføre ein annan.

Det var ulike syn på når ein skal prioritere natur, og når ein skal prioritere arbeidsplassar. Difor var det viktig for fleire å påpeike at det må vere ein skjønnsvurdering i kvar einskild situasjon. Eit

naturvennleg syn gav uttrykk for kompromissvilje. Dersom ein lite arealkrevjande bedrift ville etablere seg i kommunen kunne ein godta noko naturnedbygging for å få dette til, om arealbruken ikkje gjekk på kostnad av truga eller verdifull natur. Mens andre deltakarar fokuserte på at i delar av kommunen er det lite press på natur. Då er ein meir ope for arealendring for å sikre etablering. Eit meir overordna perspektiv vart framført: nedbygging av natur bør vel krevje folketalsauke. I dei siste åra har arealbruken ikkje ført til det, hevda vedkommande.

Nokre er redde for å miste konkurransekraft til andre kommunar, dersom ein ikkje tillét utbygging. Andre tykkjer det ville vere godt for Kinn også dersom nabokommunane hadde fleire arbeidsplassar.

6.6. Refleksjonar frå medverknadsprosessen

Noko av det som vart tematisert av deltakarane på begge samlingane, var ei oppleving av manglande ærlegdom, openheit og transparens knytt til dei politiske prosessane i kommunen. Denne manglande tilliten var retta særskilt mot lokalpolitikarane, men òg administrasjonen og lokalmedia vart nemnd. Dette vart konkretisert på ulike måtar. Nokon meinte det var «for mykje prat, og for lite handling» i lokalpolitikken, andre at det var eit ekkokammer av «sterke stemmer» der både nyansane og folk flest ikkje var representerte. Eit ønske om meir openheit vart òg uttrykt heilt konkret på samling 2, der alle deltakarane på alle gruppene var samde både i påstanden om at «Kinn kommune må tydeleg kommunisere korleis dei vektar positive og negative konsekvensar av naturinngrep» og i påstanden om at «Kinn kommune må ha betre involvering av innbyggjarane i arealspørsmål.»

Der det var ulikt syn internt i gruppa, handla det ofte om at deltakarane etterlyste nyansar, var usikre eller ikkje godtok premissen for påstanden. Eit døme er knytt til tydinga av omgrepet «grøn næringsutvikling», der nokre av deltakarane ikkje godtok den underliggande premissen – at næringsutvikling (eller generell økonomisk vekst) er foreinleg med «grøn» eller økologisk berekraftig utvikling. Dette handlar om at «grøn industri» ikkje er alltid grøn når den gir klimautslepp eller gir byggjer ned areal med verdifullt naturmangfald.

Eit anna døme som handlar meir om usikkerheit, er knytt til påstanden *Kartleggingar av konsekvensar av utvikling i område med viktige naturverdiar bør kontrollerast av uavhengig part*, der det var uklart kven som eventuelt skal betale for ein slik uavhengig gransking. For nokre av prinsippa der det ikkje var semje i gruppene ville ein kunne einast ved å tone ned adjektiva. Til dømes var alle samde om at det er uheldig å bygge ned karbonrik natur for grøn næringsutvikling, men «meningslaust» blei for sterk ordbruk for nokon.

I løpet av samlingane fekk vi eit klart inntrykk av at mange i kommunen veit lite om, og engasjerer seg i liten grad i, den andre delen av kommunen. Dei frå Florø har avgrensa kjennskap til kva som skjer i Måløy, og vice versa. Det gjer det meir utfordrande å kome opp med felles prinsipp i politikken generelt, og i naturpolitikken spesielt, som skal vere relevante for begge delane av kommunen.

I mange tilfelle var det enklare å einast om prosess enn om praktiske politikk. Det er stor semje om at Kinn må sørge for god involvering av innbyggjarar, at ein må tenke langsiktig i planlegging og at ein ikkje bør godkjenne naturøydelegging før formålet og behovet for utbygginga ligg klart.

Føreseielegheit for næringslivet var også noko som mange var opptekne av på samlinga. Det er uheldig for næringsaktørar som har gjort store investeringar om kommunen endrar haldning til ei sak, meinte somme. Andre nemde samstundes at det er eit demokratisk problem om kommunen ikkje vil seie nei til prosjekt fordi det er investert mange pengar i prosjektet.

Alle påstandane som vart brukt i samling 2, er gjenstand for tolking hjå kvar einskilt, og omgrep som «låg naturkonsekvens», «naturverdi» og «omstilling» kan forståast på ulike måtar. Difor kan det vere krevjande å oppnå semje når ein går frå overordna prinsipp til konkrete løysingar. Likevel er det viktig å merke seg at mange faktisk deler dei same grunnleggjande prinsippa for utvikling.

7. Drøfting og tilrådingar

Dette kapittelet samlar og drøftar hovudfunna i rapporten i lys av ein grunnleggande målkonflikt som pregar dagens klima- og naturpolitikk: behovet for raske utsleppsreduksjonar i form av industri- og energiomstilling på den eine sida, og behovet for å stanse tap av natur og ta vare på livgivande økosystem på den andre. Desse måla er tett samanvovne, men ofte dårleg samordna i praksis, særleg når grøn næringsutvikling krev nye areal og legg ytterlegare press på naturen.

Kommunane står i ein spagat mellom skjerpa nasjonale krav til naturvern og klima, ambisjonar om lokal verdiskaping og arbeidsplassar, og forventingar frå innbyggjarar og næringsliv. Kinn kommune er ikkje åleine om dette, men situasjonen blir særleg krevjande i ein kommune med store naturverdiar og høge industriambisjonar.

Med utgangspunkt i dei overordna rammene (kapittel 2), analysane av naturpolitikk og naturtilstand i Kinn (kapittel 3 og 4), vurderingane av verktøy og verkemiddel (kapittel 5) og erfaringane frå medverknadsprosessen (kapittel 6), drøftar vi her kor robust og gjennomførbar naturpolitikken i Kinn kommune er. Drøftinga munnar ut i konkrete tilrådingar for vidare arbeid.

7.1. Drøfting

Her tek me utgangspunkt i tre sentrale spørsmål som belyser samsvaret mellom føringar og lokal politikk, mellom ambisjon og gjennomføring, og mellom kommunen sine prioriteringar og innbyggjarane sine verdiar:

1. I kva grad er naturpolitikken i Kinn i tråd med nasjonale føringar?
2. Kva må til for at Kinn skal klare å gjennomføre arealstrategien og naturmangfaldsplanen i praksis?
3. I kva grad tek arealstrategien og naturmangfaldsplanen innover seg det innbyggjarane meiner?

I kva grad er naturpolitikken i Kinn i tråd med nasjonale føringar?

Nasjonale og internasjonale føringar for natur- og klimapolitikken blir tydeleg skjerpa. Nye statlege planretningslinjer, revidert rundskriv T-2/16, Naturmeldinga og oppfølginga av Naturavtalen indikerer lågare terskel for motsegn, strengare krav til kunnskapsgrunnlag og sterkare vektlegging av natur, klimatilpassing og karbonrike areal i kommunal planlegging. Dette

inneber at kommunar som ikkje tilpassar praksis og verktøy i tide, vil møte aukande motsegn og konfliktnivå.

Historiske indikatorar for naturpolitikken i Kinn, som Naturkampen, og særskilt det dokumenterte tapet av inngrepsfri natur, peikar mot ei relativt svak praktisk naturforvaltning bakover i tid. Samstundes viser ny samfunnsdel, arealstrategi og temaplan for klima, berekraft og naturmangfald ei klar dreining mot meir restriktiv og kunnskapsbasert arealpolitikk, med vekt på arealnøytralitet, tiltakshierarki og prosesskrav som inneber tidleg medverknad og naturverdivurderingar.

Dersom desse nye prinsippa blir operasjonaliserte og brukte aktivt i slutthandsaming av KPA og i vidare plansaker, vil naturpolitikken i Kinn ha godt samsvar med dagens føringar. Dersom dei derimot i hovudsak blir ståande som intensjonar, vil gapet mellom plan og praksis bestå – med aukande risiko for motsegn og tap av legitimitet.

Kva må til for at Kinn skal klare å gjennomføre arealstrategi og naturmangfaldsplanen i praksis?

Eit gjennomgåande funn i rapporten er at det ofte er brot mellom overordna mål og faktisk plangjennomføring. Arealstrategien til Kinn inneheld eit mål om arealnøytralitet som berre kan fråvikast dersom prosjekt oppfyller ambisiøse prosesskrav. Prosesskrava er likevel avhengig av kvaliteten på kunnskapsgrunnlaget og på vurderingane som blir lagde fram for politiske vedtak.

Målet om arealnøytralitet krev betre styringsverktøy enn det som per no er i bruk. Kommunen har, i arealstrategien, pålagt seg sjølv å skaffe oversikt over naturområde som kan restaurerast, naturmangfaldet og karbonmengda i sjø, utbygde areal som ikkje er i bruk og å gjennomføre planvask ved revidering av kommuneplanar. Dette bidreg med naudsynt kunnskap for å kunne oppfylle målet om arealnøytralitet. Arealrekneskapen må likevel utviklast vidare slik at han fangar faktisk arealbruk, historisk utvikling og økologisk verdi – ikkje berre planreservar. Naturrekneskap og naturpåverknadsanalyse, slik me skildrar det i kapittel 5.2, er òg naudsynt kunnskap for å kunne vekte arealendringar relativt, og for å gi politikarane eit reelt grunnlag for å vurdere samla effektar.

Å lykkast med arealstrategien føreset at prosesskrava ikkje blir skjønsmessige punkt som kan vektast bort etter behov, men operasjonaliserte krav som får reell praktisk betydning i planarbeidet.

Erfaringar frå nasjonale evalueringar av konsekvensutgreiingar viser at utbyggjarar sine konsekvensutgreiingar ofte har svak grunngeving av naturverdi, påverknad og samla

konsekvens, og at usikkerheit blir underkommunisert. Dette gjer at sjølv gode planar kan bli undergravne i møte med enkeltprosjekt. Inntil systemet for konsekvensutgreiingar eventuelt blir endra nasjonalt, er det difor avgjerande at Kinn kommune skjerpar eigne krav til kompetanse, uavhengigheit og kvalitet i slike utgreiingar.

Ein praktisk naturpolitikk som reflekterer den prinsipielle naturpolitikken vedteken i arealstrategien og temaplanen for klima, berekraft og naturmangfald på ein god måte, vil òg truleg krevje at næringslivet blir engasjert i arealplanleggingsprosessane på nye måtar. Her kan eit tiltak vere å gjennomføre ein næringsinnretta naturrisikoanalyse. Erfaringar frå slike analyser andre plasser, t.d. Årdal, har vist at ein det styrkar forståinga av både korleis lokalt næringsliv er avhengig av natur, og korleis dei same aktørane bidreg til naturpåverknad og risiko.

I kva grad tek arealstrategien og naturmangfaldsplanen innover seg det innbyggjarane meiner?

Medverknadsprosessen som er gjennomført, viser stor grad av semje om grunnleggande prinsipp: behovet for å ta vare på nærnatur, prioritere gjenbruk og fortetting, stille krav til dokumentasjon før nedbygging, og sikre meir openheit og involvering i arealsaker. Desse prinsippa samsvarer i stor grad med intensjonane i arealstrategien og temaplanen.

Samtidig avdekkjer prosessen skepsis og usikkerheit knytt til korleis intensjonar faktisk blir omsette til handling. Mange deltakarar uttrykte manglande tillit til både utgreiingar og politiske prosessar, og etterlyste større ærlegdom om prioriteringar og konsekvensar. Her ligg det ei tydeleg oppfordring frå innbyggjarane om å vise tydeleg korleis ulike omsyn blir vekte i konkrete saker.

Openheit i KPA-prosessar er ei hard nøtt å knekke, då dokumentmengda ofte tilsvarar fleire tusen sider, og inneheld svært mykje fagterminologi og logikkar som er utilgjengelege for lekfolk. Det innbyggjarar treng, som dei òg gav uttrykk for under arbeidsverkstadene, var ikkje meir informasjon, men meir *tilrettelagt* informasjon. Korleis ein skal få det til, er ei problemstilling som mange kommunar truleg deler, og det kan difor vere eit poeng å ta det opp både med leverandørar av nett-tenester for distribusjon av plandokument, og i nettverk med andre kommunar.

Samla sett kan ein seie at arealstrategien og temaplanen har potensiale til å reflektere innbyggjarane sine verdiar, men at legitimiteten i praksis vil avhenge av kor konsekvent og transparent desse blir gjennomførte.

7.2. Tilrådingar

På bakgrunn av drøftinga og funna i rapporten tilrår vi at Kinn kommune:

- 1. Konkretiserer prosesskrava i arealstrategien** – særleg naturverdivurdering, sirkulære verdikjeder og dokumentasjon av behov – som del av føresegnene i kommuneplanens arealdel.

For å konkretisere berekraft og omstillingsevne i prosjekt kan taksonomien for berekraftig økonomisk aktivitet (sjå kapittel 2.2) brukast.

Ei konkretisering av sirkulære verdikjeder bør innehalde krav til (1) avgrensa uttak av nye ressursar, (2) at ein ikkje flytter miljøproblem i tid og rom, og (3) at ein tek omsyn til sosiale verknader som lokale verdiskaping og arbeidsplassar.

Naturverdivurdering bør konkretiserast slik at det stiller krav til særskilte vurderingar av

- dei aktuelle økosystema sitt bidrag til klimarisiko
- dei aktuelle økosystema sitt bidrag til karbonfangst og -lagring
- økosystema sin samanheng med og påverknad på andre kringliggande økosystem
- truga artar og naturtypar på land og i sjø
- dei subjektive opplevde naturverdiane (stillheit og ro, estetikk, kultur/historie, bruk), som berre kan fangast opp gjennom brei innbyggjarinvolvering

- 2. Utviklar eit kommunalt naturrekneskap** som byggjer på systematisk naturkartlegging og tilstandsanalyse på land og i sjø, og som kan nyttast aktivt i plan- og byggesaker. Dette er ein føresetnad for at naturverdivurderingar i enkeltsaker (sjå punkt 1) skal kunne vurderast relativt.
- 3. Vidareutviklar arealrekneskapen** slik at han fangar faktisk arealbruk, historisk endring og økologisk verdi – ikkje berre planreserve.
- 4. Skjerpar krav til kvalitet og uavhengigheit i konsekvensutgreingar** gjennom tydelegare bestillarkompetanse og vurdering av utgreiarar.
- 5. Vurderer gjennomføring av ei kommunal naturrisikoanalyse** i samarbeid med næringslivet, for å synleggjere gjensidig avhengigheit mellom natur, næring og lokal verdiskaping.

Ei slik analyse vil delvis krevje ny metodeutvikling, då det ikkje finst etablerte verktøy for kommunale naturrisikoanalysar. Det næraste eksempelet er den samla natur- og klimarisikoanalysen utvikla av Vestlandforskning og NORCE for Årdal kommune.

- 6. Styrkar tidleg og reell medverknad** ved å prioritere tilrettelagt informasjon, opne møte og tydeleg kommunikasjon om avvegingar i arealsaker.

Den delen av den manglande openheita som kjem av at planprosessar er innfløkte og omfattande, og dermed lite tilgjengelege for lekfolk, er ei utfordring som alle kommunar deler. Tilrettelegging av informasjon bør difor vere tema i nettverksamarbeid med andre.

7. **Utforskar regionalt samarbeid** for å redusere risikoen for “eksport” av utbyggingar og naturinngrep, og hindre at nabokommunar konkurrerer om å vere minst restriktiv.

Kvar og eitt av desse tiltaka vil truleg vere kvalifiserte for ulike støtteordningar hjå Miljødirektoratet, der Natursats er det mest nærliggande.

7.3. Konklusjon

Kinn kommune har lagt eit tydelegare og meir ambisiøst grunnlag for naturpolitikken enn tidlegare, i tråd med nasjonale og internasjonale føringar. Samstundes viser analysane at gjennomføringa vil krevje ei systematisk styrking av kunnskapsgrunnlag, verktøy og prosessar. Skil intensjonane få reell effekt, må kommunen sikre at prosesskrav blir operative, at naturverdiar blir vurderte heilskapleg, og at innbyggjarane sin tillit blir bygd gjennom openheit og føreseielege avgjersler.



Referansar

- Ahmed, Z., Ahmad, M., Rjoub, H., Kalugina, O., & Hussain, N. (2021). Economic growth, renewable energy consumption, and ecological footprint: Exploring the role of environmental regulations and democracy in sustainable development. *Sustainable Development*. <https://doi.org/10.1002/sd.2251>.
- Artsdatabanken. (2023). *Fremmedarslista*, Oppsummerte resultater. <https://artsdatabanken.no/Arter/Fremmedartslista/Om-Fremmedartslista/Oppsummerte-resultater>
- Basso, M. N., Aslesen, S., Lund, E. R., Wahl, E. S., Erraia, J. (2024). *Analyse av næringslivet i kinn kommune*. (Menon-publikasjon nr. 68/2024).
- Brendehaug, E., Groven, K., Selseng, T. mfl. (2026). Addressing the Interconnected Crises: Policy Integration for Climate and Biodiversity in Norway. *Under fagfelleevaluering i Environmental Policy and Governance*.
- Brendehaug, E., & Groven, K. (2024). *Kunnskapsgrunnlag for integrerte planar om areal og klima* (Vestlandsforskning: VF-rapport 2-2024).
- Brendehaug, E., Groven, K., & Selseng, T. (2022). Naturmangfald og klimatilpassing blir borte i vektlegginga av klimagassutslepp. I H. Høgset mfl. (Red.), *Fjordantologien 2022*. Universitetsforlaget.
- Brendehaug, E., Groven, K., & Selseng, T. (2021). Samspeleffektar i lokal miljø- og klimapolitikk. Synergjar og konfliktar ved tiltak for reduksjon av limagassutslepp, varetaking av biologisk mangfald, klimatilpassing og energiomstilling (Vestlandsforskning: VF-rapport 4-2021).
- Cambridge Institute for Sustainability Leadership (CISL). (2019). IPBES Report on biodiversity loss. <https://www.cisl.cam.ac.uk/resources/sustainability-horizons/march-2019-1/ipbes-report-on-biodiversity-loss>
- CBD. (2022). Kunming–Montreal Global Biodiversity Framework (Decision 15/4). Secretariat of the Convention on Biological Diversity.
- Dale K., og Lygre, F. (2026). Sluttrapport miljøovervåking ved Måløy 2023-2025. STIM. (Rapportnummer 7-2026). <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/oppsummerande-rapport-etter-tre-ar-med-overvaking-i-maloyområdet/>
- Dale K., og Lygre, F. (2025). Miljøovervåking ved Florø og omkringliggende vannforekomster 2024. STIM. (Rapportnummer 21-2025). <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/andre-arsrapport-fra-overvakingsprogrammet-i-floro-er-klar/>
- Destek, M., & Sinha, A. (2020). Renewable, non-renewable energy consumption, economic growth, trade openness and ecological footprint: Evidence from organisation for economic Co-operation and development countries. *Journal of Cleaner Production*. <https://doi.org/10.1016/j.jclepro.2019.118537>.
- Eilertsen, M., & Olsen, B. R. (2019). *Kandidatområde for marint vern ved Stad i Sogn og Fjordane. Kartlegging av marint naturmangfald i grunne område ved Fureneset-Lunden*. (Rådgivende Biologer. 2992). <https://www.statsforvalteren.no/contentassets/555a3044fd1a45bbaf3080d9f34f1281/kandidatomrade-for-marint-vern-ved-stad-i-sogn-og-fjordane.-kartlegging-av-marint-naturmangfald-i-grunne-omrade-ved-fureneset--lunden.-ragivende-biologer-as-2992.pdf>
- EUR-Lex. (2024). Regulation (EU) 2024/1991 on nature restoration (OJ L, 29.7.2024).
- EUR-Lex. (2025). Nature restoration – key points (summary): https://environment.ec.europa.eu/topics/nature-and-biodiversity/nature-restoration-regulation_en
- European Commission. (2020). EU Biodiversity Strategy for 2030: Bringing nature back into our lives (COM/2020/380).
- European Commission. (2021). Biodiversity Strategy for 2030. https://environment.ec.europa.eu/strategy/biodiversity-strategy-2030_en

- European Commission. (2025–2026). EU taxonomy for sustainable activities. https://finance.ec.europa.eu/sustainable-finance/tools-and-standards/eu-taxonomy-sustainable-activities_en
- Florø Bulystforeining. (2026). Høyringsinnspel. 2. gongs høyring - kommuneplanens arealdel, Kinn kommune.
- Global Footprint Network. (2026). How many Earths? <https://overshoot.footprintnetwork.org/how-many-earths-or-countries-do-we-need/>
- Grøn Region Vestland. Vi samlar kreftene for grøn omstilling av industrien i Vestland. <https://www.gronregionvestland.no/>
- Hanssen, G. S., Aarsæter, N. (2018). *Plan og Bygningsloven - en lov for vår tid?* Universitetsforlaget.
- Hanssen, G. S., Barton, D. N., Venter, Z., Sørheim, M. D. & Grav, A. T. (2025). Samskapt styringsinnovasjon for arealnøytralitet i Nordre Follo. *Kart og Plan*, 118(2), 124–137. <https://doi.org/10.18261/kp.118.2.4>
- Havforskningsinstituttet (2026a). Temasider for arter. <https://www.hi.no/hi/temasider/arter> Henta [8.4.26](#).
- Havforskningsinstituttet (HI). (2026b). Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2026 (Rapport fra havforskningen 2026-10). <https://www.hi.no/hi/nettrapper/rapport-fra-havforskningen-2026-10>
- Havforskningsinstituttet (HI). (2023). Status for miljøet i norske havområder – Rapport fra Overvåkingsgruppen 2023 (Rapport fra havforskningen 2023-24). <https://www.hi.no/hi/nettrapper/rapport-fra-havforskningen-2023-24>
- Hessen, D. O. (2025) *Å tenke med Zapffe*. Kagge forlag
- Holsen, T. (2017). Samfunnsplanlegging, arealplanlegging og plangjennomføring. *Kart og plan*, 77(3), 237-249.
- Hovland, K. M., (2024, 24. november). Slik gikk det med batterifabrikene. E24. <https://e24.no/energi-og-klima/i/25bvoy/slik-gikk-det-med-batterifabrikene>
- Hub for Ocean. (2026). Blått avfall, grøn ressurs. <https://www.hubforocean.no/symbiose-fjordane-prosjekt>
- Indset, M. & Tvedt, K. (2025). Grønne tall i kommunal planlegging: Kan regnskap for arealbruk og naturtyper styrke naturhensyn? *Kart og Plan*, 118(2), 153–167. <https://doi.org/10.18261/kp.118.2.6>
- IPBES (2026). Business and Biodiversity Assessment – Summary for Policymakers. <https://www.ipbes.net/bba-report/media-release>
- IPBES. (2019). Global Assessment Report on Biodiversity and Ecosystem Services: Summary for Policymakers.
- IPCC. (2022). AR6 WGII Fact Sheet: Biodiversity. Intergovernmental Panel on Climate Change.
- IUCN. (2024, august). EU Nature Restoration Regulation – Briefing. <https://iucn.org/resources/information-brief/iucn-eu-nature-restoration-regulation-briefing>
- Jansen, M., Angell, E., Pontoppidan, M., Aall, C. (2025). Analyse av klimarisiko og naturrisiko. Forslag til samla metodikk med eksempel på analyse frå Årdal kommune. VF-rapport nr. 5-2025.
- Kjøllesdal, B. (2025, 12. september). Dette er verd sju milliardar kroner – kvart år. [forskning.no. https://www.forskning.no/havforskning-havforskningsinstituttet-klima/dette-er-verd-sju-milliardar-kroner-kvart-ar/2547850](https://www.forskning.no/havforskning-havforskningsinstituttet-klima/dette-er-verd-sju-milliardar-kroner-kvart-ar/2547850)
- KDD. (2025). Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (24.01.2025).
- KDD. (2024). Statlege planretningslinjer for klima og energi (20.12.2024).
- Kirby, M., Scott, A., Luger, J. & Walsh, C. (2023). Beyond growth management: A review of the wider functions and effects of urban growth management policies. *Landscape and Urban Planning*. (Vol. 230). <https://doi.org/10.1016/j.landurbplan.2022.104635>.
- KLD. (2026). Ny nasjonal rapport til Naturavtalen. Klima- og miljødepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ny-nasjonal-rapport-til-naturavtalen/id3150748/>
- KLD. (2025). Rundskriv T-2/16 – Miljøforvaltningens innsigelsespraksis (revisjon 2025).

- KLD. (2024). Meld. St. 35 (2023–2024) Bærekraftig bruk og bevaring av natur – Norsk handlingsplan for naturmangfold. Klima- og miljødepartementet.
- KLD. (2023). Meld. St. 26 (2022–2023) Klima i endring – saman for eit klimarobust samfunn.
- KLD. (2016.) Meld. St. 18 (2015–2016) Friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet. Klima- og miljødepartementet.
- Liebel, H., Helseth, I. A., Nilssen, E. K., Haukland, A. K., Erlandsen, F. (2024). Norges første naturmangfoldregnskap for et kommunalt byggeprosjekt. Asplan Viak-rapport. <https://www.nordrefollo.kommune.no/globalassets/nordre-follo/tjenester/natur-klima-og-miljo/arealnoytralitet/rapport-fra-asplan-viak-om-naturregnskap-for-skotbu-hoydebasseng.pdf>
- Miljødirektoratet (2026). Kommunale naturregnskap. <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/kommunale-naturregnskap/>
- Miljødirektoratet. (2025a). Landbasert akvakultur: Resultater fra landsdekkende tilsynsaksjon i 2024. M-2978/2025.
- Miljødirektoratet. (2025b). Kommunale naturregnskap. <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/kommunale-naturregnskap/>
- Miljødirektoratet. (2024a). Inngrepsfrie naturområder i Norge. <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/Inngrepsfrie-naturomrader/>
- Miljødirektoratet. (2024b). Veileder for planlegging av by- og tettstadsnære naturområder. <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/friluftsliv/naturvennlig-ferdsel/veileder-for-by--og-tettstednare-naturomrader/>
- Minde, H. W. (2022). Hvilke krav stilles til samsvar mellom private reguleringsforslag og overordnede arealplaner? *Tidsskrift for eiendomsrett*, 18(2), 105–140. <https://doi.org/https://doi.org/10.18261/tfei.18.2.2>
- Mukwarami, S., & van der Poll, H. M. (2024). Critical environmental management accounting practices influencing service delivery of growing cities in a developing economy: a review and conceptual framework. *Environment Systems and Decisions*, 44(3), 710–739.
- Nater, C.R. & Eriksen, L.F. (red.) 2025. Naturindeks for Norge 2025. Tilstand og utvikling for biologisk mangfold. NINA Temahefte 97. Norsk institutt for naturforskning. ISBN: 978-82-426-5496-0. <https://hdl.handle.net/11250/5318321>
- NOFIMA (2026). Verdt å vite om slam fra fiskeoppdrett. <https://nofima.no/fakta/verdt-a-vite-om-slam-fra-fiskeoppdrett/> Hentet 8.4.2026.
- Norderhaug, K. M., mfl. (2025). Restaurering av tareskog i Norge – Rapport I: Statusrapport (Rapport fra havforskningen 2025-44). Havforskningsinstituttet.
- NOU 2023:25. (2023). *Omstilling til lavutslipp. Veivalg for klimapolitikken mot 2050*. Klimautvalet 2050. Klima- og miljødepartementet.
- NOU 2013:10. (2013). Naturens goder – om verdier av økosystemtjenester. Miljøverndepartementet.
- NRK. (2025, 5. september). Omfattende tang- og taredød koster Norge sju milliarder i året. <https://www.nrk.no/sorlandet/xl/omfattende-tang--og-taredod-koster-norge-7-milliarder-i-aret-1.17542729>
- NRK. (2023). Oppsynsmannen. <https://tv.nrk.no/serie/oppsynsmannen>
- Nærings- og fiskeridepartementet. (2023). Veikart 2.0: Grønt industriløft
- Næss, A. (1973). The shallow and the deep, long-range ecology movement: A summary. *Inquiry*, 16(1–4), 95–100.

- O'Brien, K., & Sygna, L. (2013). Responding to climate change: the three spheres of transformation. *Proceedings of transformation in a changing climate*, 16, 23.
- OECD. (2022). *OECD Environmental Performance Reviews: Norway 2022* (OECD Environmental Performance Reviews, Issue. O. Publishing.
- Olsson, J., Palkhanov, I., Boge, B. (2025). Analyse av planlagt utbyggingsareal i Norge. Norkart-rapport: N-4020:2025.
- Pedersen, S., Handberg, Ø.N., Løset, F. (2019). *KVALITET PÅ KONSEKVENSTREDNINGER AV KLIMA- OG MILJØTEMAER I KOMMUNE-PLANENS AREALDEL* (Menon-Publikasjon 16/2019, M1328)
- Regjeringen. (2023). Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027.
- Regjeringen (2024). NOU 2024:2 – I samspill med naturen. Naturrisiko for næringer, sektorer og samfunn i Norge.
- Richardson, K., Steffen, W., Lucht, W., Bendtsen, J., Cornell, S. E., Donges, J. F., ... & Rockström, J. (2023). Earth beyond six of nine planetary boundaries. *Science advances*, 9(37), eadh2458.
- Riksrevisjonen. (2007). *Undersøkelse av bærekraftig arealplanlegging og arealdisponering i Norge* (Dokument, Issue. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Dokumentserien/2006-2007/dok3-200607/dok3-200607-011/>)
- Ringerike Kommune. (2026). Kommuner og arealforvaltning; -hvordan gå i gang med å få bedre styring? Bente Elsrud Anfinnsen, enhetsleder klima- og miljø i Ringerike kommune Webinar i regi av Klimastiftelsen og Kommunalbanken 5. mars 2026. <https://api.klimastiftelsen.no/wp-content/uploads/2026/01/Bente-komprimert-1.pdf>
- Sabima. (2025). Naturkampen 2025.
- Sharma, M. (2017). Radical Transformational Leadership. Strategic action for change agents. <https://www.radicallytransform.org/>
- Simensen, T., Rød, J. K., Spielhofer, R., & Venter, Z. (2025). Samlet utbyggingsareal i Kommune-Norge: Historisk utvikling og framtidige scenarier, 2000–2050. *Kart og Plan*, 118(2), 104-123.
- Simensen, T., Winge, N., Holth, F., Stange, E., Barton, D. N. og Sandkjær Hanssen, G. (2022). *Bærekraftig arealbruk innenfor rammen av lokalt selvstyre*. KS FoU-rapport.
- Skog, K. L., Mork, K., Osen, R., Bratheim, R., Meland, V. (2021). *Evaluering av konsekvensutredninger etter kapittel 5 i forskrift om konsekvensutredninger*. Multiconsult.
- Soma, K. og A. Vatn. (2014). *Representing the common goods – Stakeholders vs. citizens*, Land Use Policy, Vol (41) 2014, 325-333, ISSN 0264-8377
- Statsforvaltaren (2026). Landbasert oppdrett har for dårleg utsleppskontroll. Statsforvaltaren i Vestland. <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/akvakultur/landbasert-oppdrett-har-for-darleg-utsleppskontroll/>
- STIM (2025). Sluttrapport miljøovervåking ved Måløy 2023-2025. STIM Rapport 7-2026. STIM Kunnskapstjenester, Miljø. Bergen.
- Støstad, M. N., Solvang, R., Kumano-Ensby, A. L. (2025, 1. Oktober). Europa fra grønt til grått. NRK. https://www.nrk.no/dokumentar/xl/europa-fra-gront-til-gratt_-nordmenn-bygger-ned-mest-natur_-viser-europeisk-kartlegging-1.17577504
- Tandberg, B. K. R., Gram-Hanssen, I., Korsbrekke, M. H., Groven, K. og Dannevig H. (2025). *Framtidas Hodlekve*. VF-rapport nr. 8/2025. ISBN: 978-82-428-0489-1
- Tvedt, K., Simensen, T., & Indset, M. (2025). Naturlap under radaren: Politiske og strukturelle mekanismer bak planlagt utbygging i norske kommuner. *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift*, 41(4), 155-174.
- UNEP. (2023). Five drivers of the nature crisis. United Nations Environment Programme.
- Vannforskriften. (2006). Forskrift om rammer for vannforvaltningen. (FOR-2006-12-15-1446). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-12-15-1446>

Vevatne, K. I., Onarheim, S., Sundfjord, Ø. (2025). Alternativsvurdering næring i og ved Florelandet Nord. Asplan Viak-rapport.

Walnum, H.J., Palmer-Abbs, M., & Deshpande, P.C. (Eds.). (2026). Managing Marine Plastic Pollution in Norway: Sustainable Circular Economy Solutions for Fisheries and Aquaculture (1st ed.). Routledge. <https://doi.org/10.4324/9781003616771>

Øien, D.-I., Fandrem, M., Lyngstad, A. (2021). *Potensiell karbonmengd i ulike areal- og naturtyper i Kinn kommune, Vestland* (Naturhistorisk rapport, Issue. 2021-9, NTNU)